



Arkivnr: 2017/16474-10

Saksbehandlar: Sigrid Næsheim Bjercke, Eva Katrine Taule, Hans-Christian Engum, Arvid Hauge, Snorre Waage, Anne Mette Porten, Tale Halsør, Jomar Ragnhildstveit, Vidar Totland, Gunhild Raddum, Gudrun Einbu, Øystein Skår, Endre Sten Nilsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	5/18	23.01.2018
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2/18	24.01.2018

Fråsegn til Kommuneplanens arealdel 2018 - 2030 - Bergen kommune

Samandrag

Bergen kommune har sendt Kommuneplan 2018-2030, på høyring med frist 31. desember 2017. Fylkeskommunen har fått utvida frist for politisk handsaming den 23. januar 2018.

Kommuneplanens arealdel for Bergen 2018 – 2030 (KPA) er ein omfattande plan som tek på alvor dei store utfordringane knytt til klima og miljø, men også folkehelse og endringar i befolkningsstruktur. Planen følgjer opp måla i kommuneplanens samfunnsdel «Bergen 2030» og er i tråd med hovudmål i regional planstrategi og regionale planar. Fylkesrådmannen støttar hovudgrep i planforslaget og roser kommunen for å våge å ta radikale grep for å imøtekome dei alvorlege utfordringane vi har knytt til klima og miljø.

Mål og intensjonar med kommuneplanens arealdel – KPA, er at Bergen skal vere ein aktiv og attraktiv by. Planen legg til rette for at innbyggerane skal ha gang- og sykkelavstand til daglege gjeremål og kollektivknutepunkt i framtidens bystruktur. KPA for Bergen legg med dette opp til eit skifte i arealpolitikken som vil bidra til å nå mål om reduserte klimagassutslepp og nullvekst i personbiltransporten. Planen følgjer opp Regional areal- og transportplan for Bergensområdet med definert senterstruktur og etablering av soner med ulike krav til fortetting ved senter og kollektivknutepunkt. Større områder for framtidig bustadbygging i KPA 2010, er vurdert på nytt og gjort om til landbruk-, natur- og friluftsområder fordi dei er vurderte til å gi auka transportbehov og gjere innbyggerane bilavhengige.

Planforslaget er samansett og komplekst, men er presentert pedagogisk og lett tilgjengeleg. God utforming på planskildring, tekst og illustrasjonar i tillegg til det interaktive plankartet, har gjort det enkelt å setje seg inn i endringar og nye strategiar i den nye arealdelen.

KPA for Bergen stør opp om nullvekstmålet og fordeling av transportveksten mellom kollektiv, sykkel og gange. Fylkesrådmannen peiker på behov for at KPA har tydelege rammer at det vert sikra areal til infrastruktur for kollektivtransport og sykkel i kommunale planar.

KPA vil leggje viktige føringar for handelslokalisering og –dimensjonering, og det er avgjerande at planen er i tråd med *Regional plan for attraktive senter* og den regionale føresegna for handel. Intensjonane om å lokalisere hovuddelen av ny detaljhandel i Bergen innanfor sentrumsutstrekninga er samanfallande med

regional plan. Det er likevel nokre moment knytt til unntaksreglane som må bli endra og fylkesrådmannen rår til motsegn til dette punktet.

KPA gir grunnlag for ein tettare by med ambisiøse mål om gode buområder og urbane kvalitetar. Planen viser heilhetleg satsing på byutvikling og søker å ivareta bygningsmiljø og blågrøn struktur samstundes som det vert lagt opp til transformasjon og fortetting. Fylkesrådmannen legg vekt på at det vert sett tydelege juridiske rammer for arealbruk i KPA. Dette er særleg viktig for å sikre medverknad og innsyn og legg grunnlag for føreseielege plan og byggeprosessar.

KPA for Bergen legg mange føringar for å betre levekår og trivsel for innbyggjarane. Dette kan gi gode ringverknader for folkehelsa i regionen. Norge har mål om å vere eit universelt utforma samfunn innan 2025. Som landets nest største by, har Bergen ei særleg rolle som føregangskommune for at dette målet skal bli nådd. På dette området kan planen skjerpast.

Bergen kommune har lagt ned mykje arbeid i utarbeidinga av den nye arealdelen i samband med kartlegging og vurdering av kulturminne og kulturmiljø. Mellom anna er fleire viktige kulturmiljø lagt i omsynssone for bevaring. Fylkesrådmannen vurderer at Bergen kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningslinjer som langt på veg sikrar langsiktig vern og bruk av kulturminne og kulturmiljø. Det er likevel uavklarte konflikter mellom kulturminne og byfortetting som må løysast før planen vert vidareført, og fylkesrådmannen fremjar forslag om motsegn til desse delane av planforslaget.

Gjennom KPA syner kommunen at dei satsar målretta på klima- og energiplanlegging på fleire nivå og har arealplanlegging som tek behov for klimatilpassing på alvor. Masseforvaltning i Bergen må også sjåast i regionalt perspektiv og det er positivt at KPA har det med som eige plantema.

Som viktigaste planverktøy for vidare utvikling av fylkessenteret i Hordaland, har KPA 2018-2030 stor interesse for Hordaland fylkeskommunen og våre ansvarsområder, og fylkesrådmannen har ynskje om tett og godt samarbeid med Bergen kommune for å nå felles mål for vidare utvikling av regionen.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Kommuneplanens arealdel for Bergen 2018 – 2030 (KPA) tek på alvor dei store utfordringane vi har knytt til klima og miljø, men også folkehelse og endringar i befolkningsstruktur. Planen følgjer opp måla i kommuneplanens samfunnsdel «Bergen 2030» på ein tydeleg og god måte. Bergen kommune legg fram eit samansett og komplekst planforslag på ei lett tilgjengeleg måte gjennom planskilddringa, interaktiv nettside med plankart og brei medverknad.
2. Samordna areal- og transportplanlegging
Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at KPA for Bergen legg opp til eit skifte i arealplanlegginga som vil bidra til å nå mål om reduserte klimagassutslepp og nullvekst i personbiltransporten. KPA følgjer opp *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* ved at: Planen har definert senterstruktur og etablert soner med ulike krav til fortetting ved senter og kollektivknutepunkt.
Større områder for framtidig bustadbygging i KPA 2010, er vurdert på nytt og gjort om til landbruks-, natur og friluftsområder fordi dei er vurdert til å gi auka transportbehov og gjere innbyggjarane bilavhengige.
3. Berekraftig transport
Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at KPA for Bergen bidreg til ein meir kollektivbasert byutvikling og legg betre til rette for sykkel og gange, men vil likevel be om at: Det blir gjort ytterlegare vurdering av avgrensing av fortettingssonene sett opp mot kollektivstrategi for Hordaland.
At behov for areal til infrastruktur for kollektivtransport vert vurdert i alle planar.
At behov for areal til infrastruktur for sykkel vert vurdert i alle planar.

4. Handel

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at føresegnene for lokalisering av handel langt på veg er i tråd med føresegna i *Regional plan for attraktive senter*. Intensjonane om å lokalisere hovuddelen av ny detaljhandel innanfor sentrumsutstrekninga er samanfallande med regional plan. Det er likevel nokre moment knytt til unntaksreglane som må bli endra. Det er knytt motsegn til dette punktet.

Den regionale planføresegna har unntak for detaljhandel med definerte vareutval. KPA nyttar ein breiare definisjon av dette vareutvalet og må bli endra i samsvar med den regionale planen. KPA legg opp til å kunne etablere detaljhandel med større vareslag i randsona til sentrum, men har ikkje føringar for volum og bruksareal. Unntaket må vere innanfor rammene til den regionale planen. Føresegnene i KPA må avgrense unntaket til å gjelde detaljhandel med opptil 3000m² bruksareal.

5. Byutvikling

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at KPA gir grunnlag for ein tettare og meir urban by, men ser at det er utfordringar med å sikre stadeigne kvalitetar knytt til bygningsmiljø og blågrøn struktur. Dette er særleg viktig for å sikre gode bu og oppvekstområder for barn og mål om gode nærmiljø for befolkninga generelt, jamfør mål i *Regional plan for folkehelse*. For å nå målet om den kompakte byen med kvalitet er det viktig at det vert sett tydelege juridiske rammer for arealbruk i KPA.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at :

Nettverk av byrom vert sikra gjennom forpliktande kommunale planer og vedtak etter plan- og bygningsloven.

Føresegnene for fortettingssone BY2 vert differensiert i større grad i høve til avstand frå senter, og at det eksisterande bygningsmiljø vert løfta tydelegare fram som premiss for skala og utforming på ny bebyggelse.

Områdereguleringar i senterområder og område med høg kompleksitet vert prioritert i kommunen.

6. Universell utforming

For å sikre inkludering og likeverd bør universell utforming setjast høgare på agendaen i KPA.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at det vert :

Utarbeide norm for universell utforming og at føresegnene i KPA detaljerast ytterlegare knytt til universell utforming fram til ei slik norm føreligg.

Utarbeide handlingsprogram for gjennomføring av universell utforming i offentlege rom.

7. Massehandtering

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner der er positivt at kommunen har masseforvaltning som plantema. Bergen kommune bør jobbe systematisk med dette plantemaet framover for å få ei meir optimal ressursforvaltning med god miljøprofil. Masseforvaltning i Bergen må også sjåast i regionalt perspektiv.

8. Kulturminne og kulturmiljø

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Bergen kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningslinjer som langt på veg sikrar langsiktig vern og bruk av kulturminne og kulturmiljø, men at det er uavklarte konflikhtar mellom kulturminne og byfortetting som må løysast før planen vert vidareført, og fremjar forslag om motsegn til desse delane av planforslaget.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fattar difor vedtak om motsegn til KPA på fylgjande punkt:

I. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at dei prioriterte kulturmiljøa som har fått omsynssone c), og som ikkje er omfatta av § 38.3, må sikrast i føresegnene, og at dei kulturhistoriske verdiane må vere førande for arealbruk, bygge- og anleggstilltak i desse områda.

II. Sandviksbukten og Skuteviken er i gjeldande KPA regulert til bevaring og Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner området fortsatt må ha omsynssone c) og retningslinjer.

III. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til at den automatisk freda mellomalderbyen Bergen skal synast i plankartet som omsynssone d) bandlagd etter kulturminnelova, *inkludert* 5 meter automatisk freda sikringszone. Eigne føresegner for mellomalderbyen og tilgrensande areal må innarbeidast i planen.

IV. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til at automatisk freda kyrkjer, kyrkjestadar og kyrkjegardar skal markerast med omsynssone d) bandlagd etter kulturminnelova, med tilhøyrande føresegner.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege kulturminnefaglege merknader til KPA:

I. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at automatisk freda bygningar, samt vedtaks- og forskriftsfreda bygg synast i plankartet som omsynssone d) med føresegner.

II. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at grunnkartet til kommunen vert oppdatert slik at den 5 meters automatisk freda sikringszone vert synleg i tråd med nasjonale retningslinjer for visning av automatisk freda kulturminne.

III. Grunna konflikt med automatisk freda kulturminne rår Utval for kultur, idrett og regional utvikling ifrå at arealet ved Fana prestegard, gnr/bnr 96/1 vert regulert til grav- urnelund, men opprettheld sin status som LNF.

IV. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at saker unnateke plankrav i samband med massedeposering, vert sendt Fylkeskonservatoren til fråsegn i høve automatisk freda kulturminne og innarbeida i retningslinjene, § 24.

V. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at det i plankartet vert lagt inn ei 60-meters sikringszone kring dei listeførte kyrkjene, jf. kyrkjerundskrivet, T-3/2000.

VI. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, vert innarbeida i føresegnene.

VII. Utval for kultur, idrett og regional utvikling oppmodar kommunen til å innarbeide historieforteljande kulturmiljø knytt til sjøareal og kystkultur, som til dømes kaier, hoper, tørrdokker og andre kulturminne knytt til handel og verftsindustrien, i ein kommunedelplan for kulturminne.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018

Beate Husa (Krf) sette ram slikt forslag til vedtak:

«Endring punkt 8:

Kulturminne og kulturmiljø

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Bergen kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningslinjer som langt på veg sikrar langsiktig vern og bruk av kulturminne og kulturmiljø. Vi finn det likevel naudsynt å fremje motsegn mot følgjande punkt:

I. Sandviksbukten og Skuteviken er i gjeldande KPA regulert til bevaring og Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner området fortsatt må ha omsynssone c) og retningslinjer.

II. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til at den automatisk freda mellomalderbyen Bergen skal synast i plankartet som omsynssone d) bandlagd etter kulturminnelova, inkludert 5

meter automatisk freda sikringszone. Eigne føresegner for mellomalderbyen og tilgrensande areal må innarbeidast i planen.

III. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til at automatisk freda kyrkjer, kyrkjestadar og kyrkjegardar skal markerast med omsynssone d) bandlagd etter kulturminnelova, med tilhøyrande føresegner.

Nytt punkt 9:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege kulturminnefaglege merknader til KPA:

I. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at automatisk freda bygningar, samt vedtaks- og forskriftsfreda bygg synast i plankartet som omsynssone d) med føresegner.

II. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at grunnkartet til kommunen vert oppdatert slik at den 5 meters automatisk freda sikringszone vert synleg i tråd med nasjonale retningslinjer for visning av automatisk freda kulturminne.

III. Grunna konflikt med automatisk freda kulturminne rår Utval for kultur, idrett og regional utvikling ifrå at arealet ved Fana prestegard, gnr/bnr 96/1 vert regulert til grav- urnelund, men opprettheld sin status som LNF.

IV. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at saker unnateke plankrav i samband med massedeponering, vert sendt Fylkeskonservatoren til fråsegn i høve automatisk freda kulturminne og innarbeida i retningslinene, § 24.

V. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at det i plankartet vert lagt inn ei 60-meters sikringszone kring dei listeførte kyrkjene, jf. kyrkjerundskrivet, T-3/2000.

VI. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, vert innarbeida i føresegnene.

VII. Utval for kultur, idrett og regional utvikling oppmodar kommunen til å innarbeide historieforteljande kulturmiljø knytt til sjøareal og kystkultur, som til dømes kaier, hoper, tørrdokker og andre kulturminne knytt til handel og verftsindustrien, i ein kommunedelplan for kulturminne.

VIII. Det er potensielt uavklarte konflikhtar mellom kulturminne og byfortetting og Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at dei prioriterte kulturmiljøa som har fått omsynssone c), og som ikkje er omfatta av § 38.3, bør sikrast i føresegnene. Dei kulturhistoriske verdiane må vere førande for arealbruk, bygge- og anleggstiltak i desse områda.»

Sara Sekkingstad (Sp) sette fram slikt forslag til vedtak:

«10. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår i frå at areal på vestsida av Fanavegen lengst nord på Stend gnr/bnr 97/1 vert inlemma som ein del av næringsområde, då det har høg landskapsverdi som naudsynt buffer mellom noverande industriområde og landbruksarealet. Denne åsen har ei viktig rolle for å ramme inn og behalde landskapsrommet og kulturlandskapet kring Stend hovudgård.

For å kunne ivareta verdiane som kulturlandskap og kulturmiljø på nasjonalt og regionalt nivå, bør Stend i tillegg få status som omsynssone for landskap og omsynssone for bevaring av naturmiljø/biologisk mangfald.

11. Fleire viktige landskapsområde og friluftsområde i kommunen bør sikrast i KPA ved at dei får ein formell status som omsynssone for friluftsliv, omsynssone for landskap og/eller omsynssone for bevaring av naturmiljø/biologisk mangfald.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteke.
 Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 4 vart vedteke med 11 røyster mot 2 røyster (Frp)
 Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 5, 6 og 7 vart samrøystes vedteke.
 Husa sitt forslag til endring pkt. 8 vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.
 Husa sitt forslag til nytt pkt. 9 vart samrøystes vedteke.
 Sekkingstad sitt forslag til nytt pkt. 10 og 11 vart vedteke med 11 røyster mot 2 røyster (Frp).

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Kommuneplanens arealdel for Bergen 2018 - 2030 (KPA) tek på alvor dei store utfordringane vi har knytt til klima og miljø, men også folkehelse og endringar i befolkningsstruktur. Planen følgjer opp måla i kommuneplanens samfunnsdel «Bergen 2030» på ein tydeleg og god måte. Bergen kommune legg fram eit samansett og komplekst planforslag på ei lett tilgjengeleg måte gjennom planskildringa, interaktiv nettside med plankart og brei medverknad.
2. Samordna areal- og transportplanlegging
 Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at KPA for Bergen legg opp til eit skifte i arealplanlegginga som vil bidra til å nå mål om reduserte klimagassutslepp og nullvekst i personbiltransporten. KPA følgjer opp *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* ved at: Planen har definert senterstruktur og etablert soner med ulike krav til foretting ved senter og kollektivknutepunkt.

Større områder for framtidig bustadbygging i KPA 2010, er vurdert på nytt og gjort om til landbruks-, natur og friluftsområder fordi dei er vurdert til å gi auka transportbehov og gjere innbyggarane bilavhengige.

3. Berekraftig transport
 Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at KPA for Bergen bidreg til ein meir kollektivbasert byutvikling og legg betre til rette for sykkel og gange, men vil likevel be om at: Det blir gjort ytterlegare vurdering av avgrensing av forettingssonene sett opp mot kollektivstrategi for Hordaland.

At behov for areal til infrastruktur for kollektivtransport vert vurdert i alle planar.

At behov for areal til infrastruktur for sykkel vert vurdert i alle planar.

4. Handel
 Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at føresegnene for lokalisering av handel langt på veg er i tråd med føresegna i *Regional plan for attraktive senter*. Intensjonane om å lokalisere hovuddelen av ny detaljhandel innanfor sentrumsutstrekninga er samanfallande med regional plan. Det er likevel nokre moment knytt til unntaksreglane som må bli endra. Det er knytt motsegn til dette punktet.

Den regionale planføresegna har unntak for detaljhandel med definerte vareutval. KPA nyttar ein breiare definisjon av dette vareutvalet og må bli endra i samsvar med den regionale planen. KPA legg opp til å kunne etablere detaljhandel med større vareslag i randsona til sentrum, men har ikkje føringar for volum og bruksareal. Unntaket må vere innanfor rammene til den regionale planen. Føresegnene i KPA må avgrense unntaket til å gjelde detaljhandel med opptil 3000m² bruksareal.

5. Byutvikling
 Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at KPA gir grunnlag for ein tettare og meir urban by, men ser at det er utfordringar med å sikre stadeigne kvalitetar knytt til bygningsmiljø og blågrøn struktur. Dette er særleg viktig for å sikre gode bu og oppvekstområder for barn og mål om gode nærmiljø for befolkninga generelt, jamfør mål i *Regional plan for folkehelse*. For å nå målet om den

kompakte byen med kvalitet er det viktig at det vert sett tydelege juridiske rammer for arealbruk i KPA.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at :
 Nettverk av byrom vert sikra gjennom forpliktande kommunale planer og vedtak etter plan- og bygningsloven.

Føresegnene for fortettingssone BY2 vert differensiert i større grad i høve til avstand frå senter, og at det eksisterande bygningsmiljø vert løfta tydelegare fram som premiss for skala og utforming på ny bebyggelse.

Områdereguleringar i senterområder og område med høg kompleksitet vert prioritert i kommunen.

6. Universell utforming

For å sikre inkludering og likeverd bør universell utforming setjast høgare på agendaen i KPA.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at det vert :
 Utarbeide norm for universell utforming og at føresegnene i KPA detaljerast ytterlegare knytt til universell utforming fram til ei slik norm føreligg.

Utarbeide handlingsprogram for gjennomføring av universell utforming i offentlege rom.

7. Massehandtering

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner der er positivt at kommunen har masseforvaltning som plantema. Bergen kommune bør jobbe systematisk med dette plantemaet framover for å få ei meir optimal ressursforvaltning med god miljøprofil. Masseforvaltning i Bergen må også sjåast i regionalt perspektiv.

8. Kulturminne og kulturmiljø

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Bergen kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningslinjer som langt på veg sikrar langsiktig vern og bruk av kulturminne og kulturmiljø. Vi finn det likevel naudsynt å fremje motsegn mot følgjande punkt:

- I. Sandviksbukten og Skuteviken er i gjeldande KPA regulert til bevaring og Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner området fortsatt må ha omsynssone c) og retningslinjer.
- II. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til at den automatisk freda mellomalderbyen Bergen skal synast i plankartet som omsynssone d) bandlagd etter kulturminnelova, inkludert 5 meter automatisk freda sikringssone. Eigne føresegner for mellomalderbyen og tilgrensande areal må innarbeidast i planen.
- III. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til at automatisk freda kyrkjer, kyrkjestadar og kyrkjegardar skal markerast med omsynssone d) bandlagd etter kulturminnelova, med tilhøyrande føresegner.

9. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege kulturminnefaglege merknader til KPA:

- I. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at automatisk freda bygningar, samt vedtaks- og forskriftsfreda bygg synast i plankartet som omsynssone d) med føresegner.
- II. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at grunnkartet til kommunen vert oppdatert slik at den 5 meters automatisk freda sikringssone vert synleg i tråd med nasjonale retningslinjer for visning av automatisk freda kulturminne.
- III. Grunna konflikt med automatisk freda kulturminne rår Utval for kultur, idrett og regional utvikling ifrå at arealet ved Fana prestegard, gnr/bnr 96/1 vert regulert til grav- urnelund, men opprettheld sin status som LNF.
- IV. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at saker unnateke plankrav i samband med massedeposering, vert sendt Fylkeskonservatoren til fråsegn i høve automatisk freda kulturminne og innarbeida i retningslinjene, § 24.

- V. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at det i plankartet vert lagt inn ei 60-meters sikringssone kring dei listeførte kyrkjene, jf. kyrkjerundskrivet, T-3/2000.
 - VI. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, vert innarbeida i føresegnene.
 - VII. Utval for kultur, idrett og regional utvikling oppmodar kommunen til å innarbeide historieforteljande kulturmiljø knytt til sjøareal og kystkultur, som til dømes kaier, hoper, tørrdokker og andre kulturminne knytt til handel og verftsindustrien, i ein kommunedelplan for kulturminne.
 - VIII. Det er potensielt uavklarte konflikter mellom kulturminne og byfortetting og Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at dei prioriterte kulturmiljøa som har fått omsynssone c), og som ikkje er omfatta av § 38.3, bør sikrast i føresegnene. Dei kulturhistoriske verdiane må vere førande for arealbruk, byggje- og anleggstiltak i desse områda.
10. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår i frå at areal på vestsida av Fanavegen lengst nord på Stend gnr/bnr 97/1 vert innlemma som ein del av næringsområde, då det har høg landskapsverdi som naudsynt buffer mellom noverande industriområde og landbruksarealet. Denne åsen har ei viktig rolle for å ramme inn og behalde landskapsrommet og kulturlandskapet kring Stend hovudgård.
- For å kunne ivareta verdiane som kulturlandskap og kulturmiljø på nasjonalt og regionalt nivå, bør Stend i tillegg få status som omsynssone for landskap og omsynssone for bevaring av naturmiljø/biologisk mangfald.
11. Fleire viktige landskapsområde og friluftsområde i kommunen bør sikrast i KPA ved at dei får ein formell status som omsynssone for friluftsliv, omsynssone for landskap og/eller omsynssone for bevaring av naturmiljø/biologisk mangfald.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

FYLKESRÅDMANNEN, 09.01.2017

1 Bakgrunn

Bergen kommune har sendt Kommuneplan 2018-2030, på høyring med frist 31. desember 2017. Fylkeskommunen har fått utsett frist for politisk handsaming til den 23. januar 2018.

Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. *Kultur, idrett og regional utvikling*, kan gje fråsegn og fremje motsegn til planen dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel.

Når motsegn blir fremma må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland.

Dersom faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser ikkje vert fylgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremja motsegn i saka. (jf. Forskrift til Kulturminnelova kap. 1, § 3)

Fylkeskommunen må ta atterhald om alle byggeområde i planen til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land og sjøområde.

1.1 Planprosess og medverknad

Hordaland fylkeskommune har gitt innspel til planprogrammet i brev av 14.08.2014. Vi la særleg vekt på tydelegare samanheng mellom overordna planar, fokusområda samfunnsdelen og koplingar til arealdelen og handlingsdelen. Plantema vi i særleg grad ville legge vekt på i det vidare var samordna areal- og transportplanlegging, samferdsel, kulturminne, folkehelse, friluftsliv, strandsone og barn og unges interesser i planlegginga.

Planprogrammet med strategisk plankart har vore presentert i planforum. Forslag til sjølvarealdelen har ikkje vore presentert i planforum. Fylkeskommunen har vore invitert til og delteke, i opne innspelsmøter til planarbeidet knytt til deltema som bustad, blågrøne strukturar, transport og næring.

2 Innhald i planen

I dette avsnittet blir innhaldet i planforslaget kort referert, utan vurdering av konsekvensar for regionale interesser

Planen består av følgjande dokument:

- A. Planbeskrivelse – vedlegg til saka
- B. Førsegner (juridisk bindande) : lenke [Bestemmelser til KPA](#)
- C. Plankart (juridisk bindande) sjå lenke under til nettsida (kartfortelling)

Alle plandokumenta kan lesast på denne linken til Bergen kommune sin nettside for : [KPA 2018-2030](#)
I tillegg finn de Temaplan for grønnstruktur [HER](#)

2.1 Planomtale


Planforslaget er ein rullering av gjeldande arealdel til kommuneplanen - KPA 2010, som vart endeleg vedteken i Miljøverndepartementet i 2013. Forslag til ny KPA bygger vidare på samfunnsdelen "Bergen 2030", som vart vedteken i 2015. Samfunnsdelen til kommuneplanen legg til grunn ein visjon om at Bergen skal vere ein aktiv og attraktiv by. Kommunen skal sørge for byfortetting i *Den kompakte byen*, og leggje til rette for at i framtidens bystruktur skal innbyggjarane ha gangavstand til daglege gjeremål og kollektivknutepunkt.

Retninga er tufta på overordna mål om redusert klimagassutslepp og nullvekst i personbil-transport. For å oppnå dette er det lagt opp til følgjande arelstrategiar:

- revidert senterstruktur og utvidede områder for fortetting
- byggesonen delt inn i fire soner med ulike krav til innhold
- reduserte krav til boligparkering og uteareal
- kvalitetskrav til bomiljø
- krav om stedsanalyse
- tidligere boligfelt gjøres om til landbruks-, natur og friluftsområder

I forkant av KPA av er det utarbeida og vedtatt fire prinsippaker som er lagt til grunn for det endelege planforslaget:

- *Flystøy og utvidelse av flyplassen med rullebane to* (juni 2016)
- *Strategisk temakart BERGEN 2030* (september 2016)
- *Bergensk byskikk og byggehøyder* (januar 2017)
- *Parkering* (januar 2017)




Figur 1 Strategisk temakart BERGEN 2030

Strategisk temakart BERGEN 2030 er ein prinsipiell konkretisering av fortettingsambisjonane i kommuneplanens samfunnsdel. I temakartet vises 7 kompakte byutviklingsområder og 7 områder for arealkrevjande næringar. Det vert anbefalt at arealdelen definerer inntil tre byggesoner rundt senterområda og kollektivknutepunkt, med ulike krav til utnyttingsgrad, byggehøgder, fellesområde og parkering.

Plandokumenta viser til at arealpotensialet innanfor byggesonen er rekna tilstrekkeleg til å dekke behovet for nye bustader. I gjeldande kommuneplan er det avsett fleire større bustadfelt som "*fremtidig boligbebyggelse*", vist som B-områder på plankartet. I KPA er områda er vurdert på nytt ut frå målsetjinga om ein kompakt bystruktur og nullvekst i personbiltrafikken. På grunn av avstand til senterområda, service og kollektivknutepunkt vil ein utbygging av desse områda vil skape auka transportbehov og gjere innbygarane avhengig av bil. I forslag til KPA er B-områda tilbakeført til *landbruks-, natur- og friluftsmål* (LNF).

I følgje plandokumenta er *sentrumskjernen* og *byfortettingssonen* til saman rekna som dei utvida senterområda. I *sentrumskjernen* vert det stilt krav til kompakt, bymessig utbygging. Det skal etablerast gode byrom og det skal vere publikumsretta verksemd i første etasje i bygga.



I *byfortettingssonen* ønsker kommunen tett utbygging av bustad og næringsføremål i gangavstand til kollektivtransport. Det er ynskje om finmaska gatestruktur og trygge samband til sentrumskjerna og grøntområder.

Ytre fortettingssone er eksisterande byggesone som kan vidareutviklast med bustad- og næringsføremål. Verksemd med mange tilsette og mange vitjarar skal lokalisrast i senterområda. I *øvrig byggesone* vert det ikkje tillate vesentleg nybygging på grunn av dårleg kollektivtilbod og stor avstand til sentrumsområde. Innhaldet i dei ulike sonane er nærmare skildra i *Planbeskrivelsen*, sjå vedlegg.

- *sentrumskjerne*
- *byfortettingssone*
- *ytre fortettingssone*
- *øvrig byggesone*

Figur 2 Utsnitt som viser inndeling av byggesonen med tegnforklaring

2.2 Vurdering av plandokumenta

2.2.1 Plankart

I presentasjon av plankartet er det nytta eit interaktivt kart på kommunen sin nettside, der endringane kjem tydeleg fram.

Kommunen har valt å dele plankartet inn i ulike soner for å skilje mellom sentrale og mindre sentrale delar av kommunen og med ulike krav til fortetting og differensierte føresegner. I utforming av plankartet er det nytta fargekoder for byggeområda for å kommunisere skilnaden mellom dei ulike byggesonene på ein tydeleg måte. Kommunen har med dette «konstruert» nye fargekoder som ein ikkje finn at i sosi-kodane som er dei nasjonale retningslinjene for arealplanlegging. Fylkesrådmannen finn likevel at det er ei tenleg måte å utforme kommuneplan for tett by, og har ikkje merknader til utforminga av kartet.

2.2.2 Føresegner

Føresegnene er delt opp i tre hovuddeler, føresegner, retningslinjer og utfyllande informasjon, slik at alt som gjelder same tema står på same plass i dokumentet. Dette bidrar også til å utdjupe omsyn bak føresegna. Fylkesrådmannen meiner dette gjer dokumentet tydelegare og gir god oversikt for lesaren.

Planføresegnene er viktige for å sikre at intensjonen med arealplanen vert gjennomført i reguleringsplanar og byggesaker. Innleiingsvis er det ein formålsparagraf §1 som er meint å vere til hjelp ved tolkingsbehov.

Nokre tema er utdjupa i egne vedlegg som til dømes stadanalyse, parkering, omsynsoner for bevaring av kulturmiljø.

2.2.3 Konsekvensutgreiing – KU

Kommuneplanens arealdel er omfatta av krav til konsekvensutgreiing i KU-forskrifta. Rammer for KU blei gitt i planprogrammet og fylkeskommunen hadde ikkje merknader til metodikk ved oppstart. I følge planprogrammet skulle verknad for miljø og samfunn greiast ut for følgjande område:

- Nye områder avsett til utbyggingsformål
- Endra utbyggingsformål
- Opning for spreidd bygging i LNF
- Gjennomgang av verknad av dei einskilde utbyggingsområdene, kvar for seg, og av de samla arealbruksendringane i planen, vurdert opp mot krav i KU-forskrifta.

Det er opna for utstrakt transformasjon og endring av byggestruktur i store deler av planforslaget. Kommunen har ikkje utarbeida konsekvensutgreiing for fortettingsområda, ut i frå argument om at det i praksis ikkje er endring i føremål frå KPA 2010. Fylkesrådmannen meiner kommunen i større grad burde vurdert konsekvensane i fortettingsområda.

Konsekvensutgreiingane som er gjennomført er ikkje å finne i eit samla dokument, men er spreitt på fleire dokument der innkomne arealforslag er vurdert kvar for seg innanfor kvart arealføremål. Vidare viser heller ikkje planskildringa dei samla konsekvensane av planforslaget i særleg grad. Samla sett gjer dette at fylkesrådmannen finn det utfordrande å sjå dei samla konsekvensane av planforslaget. Fylkesrådmannen har likevel ikkje merknader til dei konkrete vurderingane av dei einssilde byggeområda som er gjort, men tilrår at samla vurderingar vert noko meir synleggjort.

3 Vurdering av regionale interesser


3.1 Generelt om planen

Mål og intensjonar med kommuneplanens arealdel for Bergen er å legge til rette for ein aktiv og attraktiv by. Det inneber eit særleg fokus på berekraftig, klimanøytral og kompakt byutvikling gjennom fortetting ved senter og kollektivknutepunkt. Dette er ei utvikling som er i tråd med regionale mål for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging forankra i følgjande planar.

- *Regional planstrategi 2016-2020*
- *Regional areal- og transportplan for bergensområdet 2017–2028*
- *Regional plan for attraktive senter 2015 - 2026*
- *Regional transportplan for Hordaland 2018 - 2029*
- *Klimaplan for Hordaland 2014-2030*
- *Regional plan for folkehelse*

3.2 Samordna areal og transportplanlegging

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet vart vedtatt i juni 2017 og gir strategisk retning for utviklinga av bergensområdet innanfor berekraftige rammer. Eit meir konsentrert utbyggingsmønster, satsing på kollektivtransport, sykkel og gange skal bidra til å møte befolkninga sitt mobilitetsbehov og styrke næringslivet si konkurransekraft. Vidare vil det legges til rette for å dempe kapasitetsutfordringar og problem med dårleg framkomst gjennom å utnytte transportinfrastrukturen meir effektivt.



Figur 3 Senterstruktur i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet og Strategisk temakart for Bergen

For å nå regionale målsettingar legg planen føringar for at veksten i hovudsak skal kome i område som legg grunnlaget for at transport kan skje med kollektiv, sykkel og gange. Det er på denne bakgrunn definert regionale vekstsoner som er knytt til fylkessenter, bydelsenter, regionsenter, og samtidig er i gangavstand til kollektivstopp. I Bergen kommune er også lokalsenter innanfor bystamlinene inkludert.

Bergen ber preg av å vere ein by som er planlagt på bilen sine premisser, kommuneplanen som no er på høyring legg føringar for ei utvikling der privatbiler må vike til fordel for gange, sykkel og kollektiv. Bergen kommune legg opp til eit skifte i arealplanlegginga som er i tråd med regionale føringar. Utstrekninga av forfettingssonene er i stor grad samanfallande med dei regionale vekstsonene og kommunen fremjar med dette ein ambisiøs plan med ei tydeleg strategi for byfortetting og kompakt arealbruk.

Kommuneplanens samfunnsdel, Bergen2030 har krav om at alle areal avsett til framtidig bustadområde i KPA2010 skulle vurderas på nytt ut frå mål om ein kompakt bystruktur og nullvekst i biltrafikken. Dette dreier seg om til saman 43 område kalla "B-områder" og er no fjerna som framtidige bustadområder i arealdelen. Kommunen sitt overordna grep følger på dette viset opp generell retningsline i *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* som peiker på at slike områder bør bli vurdert på nytt i lys av regionale føringar. Plangrepet følgjer også opp *Byvekstavtalen* som er inngått mellom Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune Statens vegvesen og KMD. Fylkesrådmannen vil rose kommunen for dette radikale grepet og for at kommunen går i front for å stramme opp arealpolitikken i Bergensområdet.

Det er nokre lokalsenterområde som fell utanfor dei regionale vekstsonene, men som i KPA for Bergen likevel er gitt same status og føringar for fortetting. Dette gjeld til dømes Søreide, Toppe og Flaktveit. Dei to siste har god kollektivdekning, mens Søreide ligg utanfor bystamlinene for kolektivtransport. Fylkesrådmannen saknar i denne samanheng eit noko tydelegare skilje mellom denne kategorien lokalsenter og område der hovuddelen av veksten bør skje. Planen bør bli supplert med ei tydelegare målformulering som gjerne kan peike på dei 7 områda for kompakt byutvikling frå kommunens strategiske arealkart.

3.2.1 Balansert arealutvikling

Omegnskommunane til Bergen har hatt relativt større befolkningsutvikling enn Bergen. Desse kommunane har i tillegg ein bustadmasse som er dominert av einebustader og spreitt arealutvikling. Kombinert med ei svak arbeidsplassdeknad har dette medført stor trafikkvekst og innpendling til Bergen. Bergen har høg grad av innpendling. Transportutfordringane kan ikkje løysast av Bergen kommune aleine og det er difor naudsynt å sjå utviklinga på tvers av kommunegrenser.

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet gir tydelege føringar for arealbruk i nabokommunane til Bergen for å søkje å demme opp for denne ubalansen mellom anna ved å konsentrere veksten i utvalde senter og vekstsoner. Ei viktig føresetnad i ei fleirkjerna senterstruktur er at regionsentera og bydelssentera blir meir sjølvforsynte og utvikla med arbeidsplassar og tenester, ikkje berre bustader eller berre arbeidsplassar. Ein slik balansert utvikling vil kunne dempe transportbehovet inn mot Bergen, i alle fall få meir likeverdige trafikkstraumar i aksane inn og ut frå Bergen, noko som gir betre utnytting av transportinfrastruktur og kollektivsystem.

Bergen som fylkessenter skal vidareutviklast som næringscenter. Det bør likevel fokuserast på balansen mellom busette og arbeidsplassar også internt i Bergen kommune, slik at det til dømes i Ytrebygda blir etablert fleire bustader, medan det i andre bydelar bør etablerast fleire arbeidsplassar. Fylkesrådmannen saknar tydelegare føringar for korleis kommunen tenker å gjennomføre slike strategiar.

3.2.2 Regionale bustadbehov

Regional areal- og transportplan peiker på at kommunane skal sørge for at det er eit heilskapleg bustadtilbod for alle livsfasar og behov. Dette tyder at kommunane tek omsyn til lokal og regional demografisk utvikling, og tilbyr nok bustader av rett type. Det gjeld òg bustadtrongen for sosiale bustader og for grupper som kan ha vanskeleg for å koma inn på bustadmarknaden, som t.d. flyktningar. Nasjonale og regionale trendar viser at det vil bli ei auke i talet åleinebuarar, at hushalda generelt vert mindre og at det vil bu færre personar per bustadeining. Det er difor rimeleg å anta at etterspurnaden etter mindre husvære vil auke.

Prognosane som er utarbeidd som grunnlag for RATP syner at vi møter bustadbehovet i framtida best ved å byggje fleire leilegheiter. Planen peiker på at det er behov for endring i bustadbygginga for å imøtekomme desse behova. Fylkesrådmannen finner at KPA følgjer opp den regionale planen på dette området. Det er svært positivt at Bergen kommune ønskjer å ta ein aktiv rolle inn i eit regionalt bustadbyggjeprogram. Fylkesrådmannen peiker på at dette også er definert som eit tiltak i den regionale planen med oppstart i 2018. Hordaland fylkeskommune ser fram til eit konstruktivt samarbeid om korleis dette programmet skal bli innretta.

3.2.3 Regionalt behov for næringsareal

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028 har vurdert næringsareala i opp mot til tilgjenge etter ABC-prinsippet, der A- og til dels B-områder har god tilgjengelegheit for kollektivtrafikk og er egna for arbeidsplassintensiv verksemd. Mange av desse ligg innafor Bergen kommune. Planen viser at det er tilstrekkeleg fortettingspotensiale til å dekke behovet for arbeidsplassintensiv verksemd i planperioden, men at det er naudsynt å auke arealeffektiviteten i sentrale områder.


Strategisk temakart for Bergen viser sju område egna for fortetting og sju område egna for meir arealkrevjande næringsverksemd. Det er positivt at det vert lagt opp til at næringsareal for arbeidsplassintensive verksemd og bustadfortetting skal skje der det er god tilgjenge for kollektivreisande, gåande og syklende slik at biltransporten vert avgrensa. Ein konsekvens av dette er at arealkrevjande næringsverksemd med få arbeidsplasser i fall må flytte ut av områda egna til fortetting. Dette bør spore til enno tettare samarbeid mellom Bergen og omegnskommunane.

3.3 Berekraftig transport

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (RATP) har eit definert eit mål om eit miljøvenleg, effektivt og trygt transportsystem som sikrar mobilitet for befolkning og næringsliv. Vidare har planen definert at mål om nullvekst i personbiltrafikken gjeld heile planområdet med 12 kommunar.

Nullvekst i personbiltransporten representerer eit trendbrot i bruk og tilgjenge for privatbilen. Ei slik omlegging av reisevanene vil kunne vere krevjande og vil innebere ei endring av folk sin kvardag. Sentrale deler av bergensområdet har allereie begynt på dette trendbrotet gjennom suksessen til Bybanen og andre bystamliner for kollektivtrafikken. På sentrale strekningar er kollektivtilbodet allereie av ein slik kvalitet at det er konkurransedyktig til privatbilen.

For å nå mål om eit berekraftig transportsystem i bergensområdet og nullvekst i personbiltransporten vil det vere naudsynt å ta kraftige grep sentralt og samstundes tillate noko auke i personbiltransporten i dei ytste områda. Ved å målrette tiltak og verkemiddelbruk til området med høgast transportetterspurnad vil ein kunne oppnå stor effekt på reisemiddelfordelinga for Bergensområdet samla sett. 81 prosent av transportarbeidet skjer innanfor området som i RATP er definert som tiltaksområdet for nullvekst.



Figur 3 Viser område som er definert som nullvekstområde i Regional areal og transportplan for Bergensområdet

3.3.1 Kollektivorientert byutvikling

KPA 2018-2030 legg til rette for byfortetting der innbyggjarane i framtidens bystruktur skal ha gangavstand til daglege gjeremål og kollektivknutepunkt. Eit velfungerande kollektivtransporttilbod, er eit av dei viktigaste kriterium for å lukkast med å skape ein tett og attraktiv by utan vekst i privatbiltrafikk.

3.3.2 Arealplanlegging og kollektivtrafikk som støttar kvarandre

Mål og strategiar for rutetilbod for buss og bane, avhenger av at arealplanlegging og kollektivtrafikk bygger opp om kvarandre slik at nye bustad- og arbeidsområder i størst mogleg grad vert lagt knytt til senter og kollektivknutepunkt.

Kommunen har gjort eit omfattande arbeid med å søkje å differensiere mellom områder det det er ynskeleg med fortetting og der ein har vurdert at vidare utbygging bør bli dempa. Ved gjennomgang av sonene og avgrensing i høve til kollektivtransporttilbodet, ser vi at det vil vere tenleg å gjere nokre justeringar i plankartet – både på områdenivå og differensiering innanfor områder som er lagt til rette for transformasjon og fortetting. I nokre områder er det lagt til rette for transformasjon og fortetting der det i dag ikkje er eit høgfrekvent kollektivtilbod (minimum 10 min frekvens i rush), og det heller ikkje ligg til rette for å bygge opp bussruter i denne kategorien i nær framtid. I slike områder meiner vi at sjansen for at ny busetnad vert bilbasert er stor, ei utvikling som er på tvers av nullvekstmålet. Andre deler av byen har eit godt busstilbod i dag, og vil kunne byggast ytterlege ut, og der det med noko meir fortetting vil bidra til å styrke dagens kollektivtilbod. Dette er områder som allereie har eit godt kollektivtilbod, eller som har potensiale for eit styrka kollektivtilbod, men som ligg i kategori «øvrig byggesone» i KPA og som dermed ikkje er opna for ytterlegare busetnad.

Viktige moment for korleis utbyggingsområder og kollektivtilbod bør sjåast i samanheng vil vere at det allereie er eller vil komme ein attraktiv trasé for kollektivdrift inkludert haldeplassar, framkomst, endestasjonar m.v. Og at ny utbygging bidreg til å styrke etterspurnaden i allereie utbygde og etablerte korridorar, eventuelt binde saman områder som ligg som «tarmar» eller «satellittar» i dag.

Under viser nokre strekningar med godt kollektivtilbod i dag, som kan aukast ved behov som følgje av fortetting, og som kan vere grunnlag for justeringar av plankartet:

- Toppe-Morvik-Åsane-Nyborg-Ulvedalen-Flaktveit
- Eidsvåg-Lønborg-NHH
- Damsgård-Melkeplassen
- Olsvikskjenet-Loddefjord
- Bønnesskogen/senrale områder rundt Bønes senter

Døme på områder som vil få eit redusert tilbod/ikkje eigna for auke:

- Gravdal – forlenga trolleybusslinja til Lyngbø vil utgjere tilbodet mellom Ytre Laksevåg og Bergen sentrum. Dagens linje mellom Gravdal og Bergen sentrum vert lagt om og vil ikkje lenger gi «direkte» reiser til sentrum.
- Kjøkkelvikområdet og Lyderhornslie vil vere dårleg tilrettelagt for busstrafikk


Fylkesrådmannen vil på denne bakgrunn be om at det blir gjort ytterlegare vurdering av avgrensing av sonene sett opp mot kapasitet i kollektivtransportnettet, men også vurdert i samanheng med tilhøve for sykkel og gange. Hordaland fylkeskommune bidrar gjerne i arbeidet.

3.3.3 Ambisjonar for utvikling av kollektivtrafikktilbodet krev areal

Kollektivtransporten har hatt ei positiv utvikling dei siste åra med kraftig auke i talet på påstigande passasjerar, og Bybanen som ein viktig «motor» i utviklinga. Kommuneplanens arealdel har stort fokus på sykkel og gange, samt fortetting ved kollektivknutepunkt, noko som er positivt. Det er viktig at kommunen i sin arealplan også legg opp til å sikre gode kollektivtilbod på tvers av Bergensdalen. Mellom anna finn vi ikkje denne viktige koplinga i strategisk plankart, der det i hovudsak er lagt vekt på å synleggjere dei langsgåande kollektivraseane. Tverrgåande ruter er viktig for at passasjerane skal sleppe å reise heilt inn til sentrum for bytte.

Med forventa trafikkvekst og nullvekstmålet til grunn vil framtidig utbygd bybane mot vest og nord i liten grad erstatte behovet for bussar – særleg i dei mest travle periodane på dagen. Dette inneber at ein treng meir areal for bussinfrastruktur. Fylkeskommunen viser her til fleire ulike fagrapportar, mellom anna Urbanet Analyse sin rapport 53/2013 om framtidig behov for kollektivtransport.

Urbanet sine analysar viser at sjølv om Bybanen vil ha den største passasjerveksten, vil buss framleis vekse og stå for den største delen passasjerar. I 2040 vil 60% av kollektivreisene skje med buss, sjå figur under:



Figur S 1: Markedsandeler til de ulike driftsartene i 2012 og 2040.

Tilrettelegging for kollektivreisande med buss krev areal og må vere oppe til vurdering i alle kommunale planar. Det kan vere behov for utbetring eller etablering av haldeplass, snuplass eller oppstillingsplass med fasilitetar for sjåførane. I planlegging av kollektivknutepunkt må det også takast høgde for at dei kan fungere som bytepunkt mellom ulike miljøvennlige transportformar. Tiltaka kan vere plasskrevjande og kommunen må ta omsyn til dette tidleg i planprosessane.

For at den reisande skal kunne oppleve busstilbodet som effektivt og konkurransekraftig i høve til bil, må busstrafikken ha god framkomst slik som samanhengande kollektivfelt og kollektivprioritering i kryss.

Bergen kommune har i «*Grøn strategi – Klima- og energihandlingsplan for Bergen 2015*» sett som mål at kommunen skal arbeide for fossilfri kollektivtrafikk innan 2020. I «*Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030*» er det eit mål at kollektivsektoren innan 2025 så langt som råd skal nytte framdriftsteknologi som er basert på fornybar energi. Planlegging av elektrifisering av bussparken er starta opp i fylkeskommunen – i tråd med felles målsetjingar om redusert klimapåverknad frå kollektivtrafikken. Elektrifiseringa vil forsterke arealbehovet, spesielt knytt til endehaldeplassar der ein vil ha behov både for areal til ladeinfrastruktur og oppstilling av bussar til lading. Der det er knappe areal krevst det godt samarbeid for å gjere busstrafikken enno meir berekraftig.

3.3.4 Sykkel

Fylkesrådmannen registrerer at kommunen sin eigen sykkelstrategi er målsettinga 10 % syklande innan 2019, og det er behov for eit skikkelig løft og tilrettelegging av sykkelinfrastruktur for å nå dette målet.

Infrastruktur for sykkel bør også inngå i alle arealplanar. Fleire sentrale stader er arealet svært avgrensa og det gjer det utfordrande å finne plass til større sykkelanlegg. I høyringsutkastet er det fokusert på kvardagssyklisten då denne gruppa let seg best integrere i prinsippa for «Gåbyen». I kommuneplanen bør det takast stilling til kor ein skal legge stamveggar som tillet sykling med relativt høg hastighet og kor det må etablerast løysingar som har meir «shared space»- karakter der ulike trafikantgrupper deler det same arealet. Det er viktig å ta slike prinsipielle avgjersler i overordna planer for å unngå konflikta i ettertid.

3.3.5 Føresegner og retningslinjer om mobilitet

Føresegn § 16 *Mobilitet*, seier at gåande, syklande og kollektivtransport skal prioriterast ved planlegging av transportsystemet. Vi finn det utfordrande å samle alle trafikantgrupper under ein paragraf då det kan variere kven som skal prioriterast innan dei ulike utbyggingsområda. Erfaringar har vist at det i ein del utbyggingsområde med knappe areal kan oppstå diskusjonar om kva framkomstmiddel som skal prioriterast, til dømes sykkel eller kollektiv. Kommunen bør i KPA gi tydelegare føringar for korleis prioriteringa skal vere mellom gåande, syklande og kollektivreisande.

Kommunen legg opp til utstrakt bruk av stadanalysar, dette er eit verktøy som kan nyttast for å skape større medvite om naudsynt arealbehov for dei ulike transportformane, men analysen er for «lett» til å nyttast der det er større interessekonflikt knytt til arealbruk. I desse områda bør kommunen utarbeide områdeplanar som sikrar detaljert avklaring for areal til kollektivtransport, sykkel og gange.

Kollektivtilbod skal vere tema i oppstartsfasen av alle arealplanar, og planarbeide bør vurdere:

- Behov for utbetringar eller nyetablering av kollektivinfrastruktur (haldeplass, kantstopp, oppstillingsplassar, endestopp med vendemoglegheit, ladeinfrastruktur mm)
- Tilkomst til eksisterande eller nytt kollektivtilbod
- Er det behov for å gjere prioriteringar mellom dei som går eller sykklar og kollektivreisande?
- Eventuell tilrettelegging for innfarstparkering

Vidare bør ein vurdere å stille rekkjefølgjekrav til etablering av kollektivløysingar i reguleringsplanar.

3.3.6 KDP – Kollektivsystemet mot vest

Fylkeskommunen vil understreke at kommunedelplanen for kollektivtilbodet mot vest vil ha stor betydning for arealbruk og tilrettelegging for infrastruktur. Difor er det viktig at framdrifta av planarbeidet for kollektivsystemet mot vest vert intensivert med sikte på å finne formålstenlege løysingar som sikrar effektiv og attraktiv framkome for dei kollektivreisande frå både Askøy, Sotra og Bergen vest. Kommunedelplanen må sikre ein heilskapleg løysing og omhandle løysingar for både buss og Bybane. Trafikktilrettelegginga i vest vil også ha direkte betydning for avviklinga av trafikken i sentrumsområda, og difor er det viktig å prioritere arbeidet med KDP – kollektivsystemet mot vest.

3.3.7 Innfartsparkering og restriktive verkemiddel for å redusere bilbruk

Innfartsparkering kan vere ein løysing for å demme opp for trafikk inn mot bykjernen. Innfartsparkering er ikkje eit mål i seg sjølv, men må sjåast på som eit middel for å redusere talet på privatbiler ved å auke talet på kollektivreisande inn til bykjernen. Det er ved utgangen av 2017 nærare 3900 innfartsparkerings-plasser i Bergensområdet knytt til buss- tog-, Bybane- og båtanlegg. Målet er å etablere 6000 plassar innan 2030, og prognosane tilseier at målet vert nådd før. Det er og lagt til rette for sykkelparkering ved innfartsparkeringane. Av ca 1900 parkerte biler viser undersøkingar at om lag 80 % av desse hadde køyrt inn til Bergen sentrum om det ikkje hadde vore mogleg å sette frå seg bilen ved ein innfartsparkering. I dag finn ein er dei største kapasitetsutfordringane særleg ved Åsane Terminal, Oasen og Arna. Ledige plasser finn ein ved Birkelandsskiftet, Skjold kirke, Storavatnet (Godviksvingene) og Lagunen. Fylkesrådmannen ber om at behov og lokalisering vert vurdert i det vidare arbeidet med KPA, og evt justering av føresegn knytt til tema. Vi viser også til «Strategi for innfartsparkering 2015 – 2030».

3.3.8 Bybane på sjø

Bergen kommune ønsker å utgreie ein miljø- og klimavennleg «Bybane til sjøs» for å sjå på moglege nye båtsamband mellom bydelar og vestover. Utfordringa for båttransporten med dagens teknologi er mellom anna energibehovet og kostnadsnivået per passasjer samanlikna med buss. Dette har innverknad på moglege miljøløysingar og økonomiske konsekvensar. Fylkeskommunen har nyleg utarbeidd ein egen trafikkplan for båt i Hordaland, vedteken i fylkesutvalet 23.11.17. Vedtaket stø opp om kommunen sin plan om å greie ut moglege nye båtsamband mellom bydelar i Bergen og Bergen og nabokommunar.

Nye båtsamband vil utløyse behov for tilrettelegging av kai, tilkomst og tilknytning til det øvrige kollektivtilbodet. Utgreiingar av nye båtsamband bør ta utgangspunkt i dagens kollektivnett og korleis slike tilbod eventuelt kan stø opp om føringar gitt i regionale planar, kollektivstrategi og trafikkplan for Bergen.

3.4 Senterstruktur og handel

3.4.1 Regional føresegn for handel

Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel (Senterplanen), vedtatt i desember 2014, har som hovudmål at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal vere attraktive for handel med handelsverksemd dimensjonert etter nivå i senterstrukturen.

Senterplanen vart oversendt kommunane i fylket i mai 2015. Den regionale føresegna i planen erstattar Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre frå 2008. Regionale føresegner er juridisk bindande for kommunane og private utbyggjarar, og tiltak kan ikkje gjennomførast i strid med føresegnene.

Regional planføresegn for handel og kjøpesenter i Hordaland

Med heimel i § 8-5 i plan- og bygningslova gjeld føresegn pkt. 4.1 i 10 år frå 10.12.2014 eller til punktet blir erstatta av føresegner i kommunal arealplan:

4.1 Nytt bruksareal for detaljhandel er berre tillatt i fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelssenter og lokalsenter definert i Regional plan for attraktive senter eller i kommuneplan.

Nytt bruksareal for detaljhandel skal vere innanfor sentrumsutstrekninga definert i kommunal plan. Der det ikkje er fastsett ei sentrumsutstrekning i kommunal plan, gjeld retningsliner for arealplanar i sentrumsområde pkt. 2.3 i denne planen.

Dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve overstig 3.000 m² krevst det samtykke frå fylkeskommunen. Tiltaket skal vere i samsvar med hovudmål i Regional plan for attraktive senter. Samla bruksareal for detaljhandel i sentrum skal vere i samsvar med senteret sitt nivå i senterstrukturen og det omlandet som er definert i regional plan eller i kommuneplan vedtatt etter 10.12.2014. Det blir kravd handelsanalyse for å vurdere samtykke.

Det gjeld unntak for:

- Ny eller utvida detaljhandel med opptil 3.000 m² samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter.
- Ny detaljhandel kor vareutvalet i hovudsak er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggevarar, samt utsal frå hagesenter og større planteskular.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland, s. 49

https://lovdata.no/dokument/OV/forskrift/2014-12-10-1954?q=regional_planbestemmelse

Vi saknar at handel vert presentert som eit eige tema i KPA. Det er avgjerande at behov for handel vert handsama på eit overordna nivå og ikkje i einskilde reguleringsplanar. Retningslinene i Senterplanen seier at behov for areal til handel skal vere tema i kommuneplanens arealdel. Vi saknar at behov for handelsareal og lokalisering i høve senterstrukturen er handsama som grunnlagsutgreiing for KPA. Kommunen kan med fordel utarbeide overordna handelsanalyse for heile eller delar av kommunen. Ein kommunal handelsanalyse vil kunne sjå på tvers av bydelar og sjå samanheng mellom dei ulike sentera.

3.4.2 Samtykke

Regional føresegn om handel gjeld i 10 år frå 10.12.2014 eller til den vert erstatta av føresegnar i kommunal arealplan. Så lenge føresegna ikkje er ivaretatt i kommunal plan gjeld krav om samtykke om nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve overstig 3000 m².

Det blir kravd handelsanalyse for å vurdere samtykke. Handelsanalysen skal gjennomførast av planfremjar. Dersom kommunen har utarbeida overordna handelsanalyse som er tilstrekkeleg grunnlag for regional vurdering av det nye handelsarealet fell kravet vekk. Utarbeiding av ein kommunal handelsanalyse vil kunne skape føreseie for både private og offentlege aktørar, og gjere sakshandsaminga raskare og smidigare.

Informasjon om krav til samtykkehandsaming må innarbeidast i føresegnene i kommunale planar for å sikre føreseieleg sakshandsaming.

3.4.3 Føresegnar og retningsliner om handel i KPA

Forslag til kommuneplan for Bergen syner til føringar frå overordna planar og at Regional plan for attraktive senter har definert ein regional senterstruktur i fylket. Regional føresegn for handel som er juridisk bindande er ikkje nemnt her.

Forslag til KPA følgjer opp føringar i Senterplanen når det gjeld senterstruktur. Det vert lagt opp til ei fleirkjerna senterstruktur med differensiering av sentera sitt nivå gjennom føresegnene. Ei sentrumskjerne er definert rundt kvart senter, og i følge planomtala er det i hovudsak her handel høyrer heime. Mengde handel som kan etablerast i sentera vil avhenge av storleiken og rollen til staden.

Føresegnene i utkast til KPA § 26.2 *Sone 1 Sentrumskjerne* seier at mengde handel i bydelssentera skal tilpassast handelsomlandet og at det skal utarbeidast ei handelsanalyse før det vert gitt tillatelse til ny handelsverksemd. For lokalsentera differensierer føresegnene mellom ulike lokalsenter; for nokre lokalsenter kan det vere tillat med handel tilpassa handelsomlandet, for nokre lokalsenter vert det tillat med såkalla arealkrevjande varehandel samt handel for nærmiljøet, og i siste kategori lokalsenter vert det berre tillat med daglegvarehandel med inntil 1500 m² BRA samt noko mindre handelsverksemd for nærmiljøet. Desse føresegnene er innanfor rammene som er gitt i den regionale planføresegna.

Den regionale planføresegna definerer at all handel skal skje innanfor sentrumsutstrekninga definert i kommunal plan. Det gjeld unntak for detaljhandel med mindre enn 3000 m² bruksareal og detaljhandel med arealkrevjande vareslag. Føresegnene til *Sone BY2 Byfortettingssone § 26.3* tillet handel til daglegvareforretningar med inntil 1500 m² BRA gjennom reguleringsplan. Så langt er føresegnene i tråd med regionale føringar, men KPA opnar i tillegg opp for at anna type handel kan tillast dersom det er i

samsvar med handelsanalyse og som hovudregel blir etablert i randsona til sentrum. Dersom denne typen handel overstig 3000m² eller ikkje omhandlar vareslaga frå unntaksregelen, vil det vere i strid med regional føresegn for handel. Fylkesrådmannen ser at det kan vere hensiktsmessig å etablere større varetypar i randsona til sentrum, men dette må skje innanfor rammene og unntaka i den regionale planføresegna.

3.4.4 Unntaksvarer


Retningslinene i utkast til KPA definerer arealkrevjande verksemder som handel med møbler, elektriske artiklar med meir, som krevjar større golvareal enn det som let innpasse i sentrumskjerner. Etter regional føresegn er det berre unntak frå krav om lokalisering i senter og sentrum for ny detaljhandel kor vareutvalet i hovudsak er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggjevarar, samt utsal frå hagesenter og større planteskular.

3.4.5 Oppsummert om handel og varsel om motsegn

Hordaland fylkeskommune har vore i dialog med Bergen kommunen i samband med fleire saker som omhandlar lokalisering og dimensjonering av handel. Dette gjeld mellom anna Kommunedelplan for Birkeland, Liland, Ådland og Espeland, reguleringsplan for Espehaugen og søknad om samtykke for Biltema på Haukås. På denne bakgrunn sendte vi fråsegn datert 21.09.2017, der vi ba om at planforslaget vart omarbeida når det gjaldt føresegn for handel før KPA vart lagt ut på høyring.

Fylkesrådmannen meiner at føresegnene for lokalisering av handel langt på veg er i tråd med føresegna i Regional plan for attraktive senter. Intensjonane om å lokalisere hovuddelen av ny detaljhandel innanfor sentrumsutstrekninga er samanfallande med regional plan. Det er likevel nokre moment knytt til unntaksreglane som må bli endra. Det er knytt motsegn til dette punktet. Den regionale planføresegna har unntak for detaljhandel med definerte vareutval. KPA nyttar ein breiare definisjon av dette vareutvalet og må bli endra i samsvar med den regionale planen. KPA legg opp til å kunne etablere detaljhandel med større vareslag i randsona til sentrum, men har ingen føringar for volum og bruksareal. Føresegnene i KPA må avgrense unntaket til å gjelde detaljhandel med opptil 3000m² bruksareal.

3.5 Byutvikling



gatestruktur og trygge gangsamband.

I plandokumentene er *sentrumskjerne* og *byfortettingssonen* til saman rekna som dei utvida senterområda.

I *sentrumskjernen* vert det stilt krav til kompakt, bymessig utbygging. Det skal etablerast gode byrom og det skal vere publikumsretta verksemd i første etasje i bygga. Verksemd med mange tilsette og mange vitjarar skal lokaliserast i senterområda.

Det vert stilt krav om områderegeringsplan i mange senterområder, men ikkje i sjølve bykjernen. Sjølve bykjernen og fortettingssona tett på bysentrum kalla BY1 har særskilte føresegner. *Byfortettingssonen* kring andre sentrumskjerner er gitt status som BY2.

Fylkesrådmannen har konsentrert sine innspel knytt til BY2 då vi vurderer at det er her KPA legg opp til dei mest radikale endringane. I *byfortettingssonen* ønsker kommunen tett utbygging av bustad og næringsføremål i gangavstand til senter og kollektivknutepunkt. Det er ynskje om finmaska

Ytre fortettingssone er eksisterande byggesone som kan vidareutviklast med bustad- og andre næringsføremål. I øvrig byggesone vert det ikkje tillate vesentleg nybygging på grunn av dårleg kollektivtilbod og stor avstand til sentrumsområde.

Årsaka til at byen Bergen er lokalisert der den er, har vore den gode tilgangen til sjø og hamnetilhøve, fjella som alltid har vore ein ressurs, og at det er ein god stad å bu. Desse kvalitetane gir grunnlag for eit breitt spekter av verksemdar og tenester og vidare utvikling av byen. Utfordringa med å flette gamalt og nytt når byen skal vekse, har alltid vore til stades. Fylkesrådmannen støttar hovudstrategien i KPA, med mål om fortetting, men ser at utfordringane knytt til balanse mellom vern og utvikling vert med dette forsterka.

I det vidare vil vi gå nærmare inn på dei planfaglege utfordringane som følgjer denne satsinga og gi innspel på bakgrunn av *Regional areal- og transportplan for Bergensområde*, *Regional plan for attraktive senter* og *Regional plan for folkehelse*. I tillegg er fylkeskommunen rettleiar i høve til plan- og bygningslova .

KPA med kart og føresegnar er juridisk bindande, i tillegg følgjer retningslinjer og planskildring som utdjuar ønska utviklingsretning. I følgje plandokumenta vil kommunen parallelt med høyringa også arbeide med ulike strategiar som legg ytterlegare føringar knytt til byutvikling.

3.5.1 Vurdering

Fortettingstrategien i KPA er langt på veg i samsvar med mål i *Regional areal- og transportplan for Bergensområde*. Den regionale planen seier mellom anna at utbygging kan bli vektlagt sterkt i dei regionale vekstsonene, men skal følgje retningslinjene 4.4 – 4.10 for differensiert forvaltning. Mellom anna skal omsynet til arealverdiar påverke rekkjefølgje av utbygging. Det er presisert at Senter- og fortettingsområder må utviklast med gode opphaldsareal for alle brukargrupper, eit finmaska gangnett og trygg gang-/sykkeltilgang til nærfriluftsområde. Samanhengande blågrøne strukturer skal bli utvikla og kulturminneverdiar ivareteke.

Kommunen arbeider breitt for å få til ei heilhetleg satsing på kvalitet i byutvikling. Mellom anna vert det lagt opp til at det skal utarbeidas områdereguleringsplanar i senterområder og særleg innsats i utvalde byutviklingsområderområder som Slettebakken og Indre Laksevåg. I tillegg vert det utarbeida ein rekke meir overordna strategiar knytt til byutvikling som til dømes strategi for fortetting med kvalitet, strategi for byrom, strategi for sjøfronten og strategi for byreparasjon og replanlegging av bydelsstentene.

I rammer for vidare utvikling i KPA vert det signalisert ein høg utnyttingsgrad og endring av byggemønster og byromsstruktur i sentrale stork. I føresegna for BY 2, i § 26.3 vert det mellom anna stilt krav om at : *Byfortettingssonen skal vidareutvikles som bolig- og næringsområder med bymessig karakter. Og - Ny bebyggelse skal ha bymessig utforming, med sammenheng i fasadeliv, ferdelsårer utformet som gater og finmasket byroms- /gangnett med maks. 70 m mellom gangårer.* Fortettingsområda BY2 er definert med gangavstand til sentrumskjerne eller kollektivknutepunkt, med 600m frå lokalsenter og 1km frå bydelsenter og famnar mellom anna etablerte villaområder, der det vil kunne bli eit stort sprang ved å omdanne stroket frå småskala bygg til dei urbane strukturane som føresegna legg opp til.

Det er gjort eit omfattande arbeid med å etablere omsynsonar for verneverdig bebyggelse (H570) med tilhøyrande føresegn. Føresegnene bør også vere enno tydelegare på at skala og proporsjonar på nybygg skal avstemmas i høve til opphavelig bygningstruktur i områda som ikkje ligg i omsynsoner, men som kan ha kvalitetar som bør takast vare på og utviklas. Fylkesrådmannen ser ei utfordring ved at det på areal som ikkje ligg tett på sentera og kollektivknutepunkt, vil utbyggingspresset truleg kome punktvis og spreidd, og det vil ta lang tid før ein har nådd den tette bymessige strukturen som KPA legg føringar for i plandokumenta. Kommunen bør gi enno tydelegare prioritering på kor ein ønsker *transformasjon* og kor ei vidare utvikling bør skje meir i form av gradvis utvikling av etablerte bygningsmiljø. Føresegnene for BY2 bør justerast slik at krav om *bymessig utforming* vert vektlagt tydelegare i ei sone tett på og i, senterområda, men at krav om *sammenheng i fasadeliv, - utforming som gater og finmasket byroms- /gangnett* vert tona ned i «ytre» del av denne sona. Til dømes kan retningslinjer seie noko om avstand i radius kor det skal byggjast aller tettast om ikkje anna er avklart gjennom områdereguleringsplan eller kommunedelplan.

Det er positivt at kommunen vil nytte stadanalyse som grunnlag for reguleringsplanar for å sikre samanhengande byromsstruktur og kvalitet for nye tiltak i sentrumskerne og byfortettingsonene. Det er utarbeida ei rettleiar for denne satsinga, der det er lagt opp til heilhetleg tenking for korleis eit planområde/prosjekt skal kunne passast inn i omgjevnadene. Stadanalyse vil vere nyttig som grunnlagsdokument i plan- og prosjekteringsarbeid, og vil vere eit tenleg verktøy for å nærme seg oppgåva. Vi meiner at det difor vil ha størst nytte at ikkje kommunen, men utbygger får ansvar for stadanalyse knytt til sitt prosjekt.

Fylkesrådmannen understreker at det er svært viktig at analyser og strategiar vert implementert i planar som er politisk og administrativt forankra etter plan og bygningslova. Ikkje minst vil dette ha verknad for å skape gode bu og oppvekstområder for barn, der mellom anna sikring av leikeareal og grønstruktur vil vere vesentleg. Planverket kan synas tidkrevjande, men sikrar medverknad og innsyn og legg grunnlag for føreseielege plan og byggeprosessar i neste omgang. Fylkesrådmannen meiner at KPA må skjerpast på dette punktet.

3.6 Byrom og blågrøne strukturar

Bergen kommune har utarbeida eit temakart for samanhengande blågrøne strukturar til rulleringa av kommuneplanens arealdel. Dette dokumentet vart sendt i ettertid av dei andre høyringsdokumenta, men vi har valt å legge det til grunn for fylkeskommunen sitt fråsegn til KPA. Sjølve saksdokumenta ligg som vedlegg D.

I saka varslar kommunen at dei er i oppstartsfasen med ein strategisk byromsplan- *Strategisk plan for utvikling av byrom i Bergen 2018-2030*. Planen er meint å mellom anna å gi retningslinjer og krav til utforming av nye byrom i Bergen. Planarbeidet skal også kunne gi føringar som er med på å støtte oppunder samanhengen i dei blågrøne strukturane i «Kommunedelplan for blågrønn infrastruktur» (Grøntmiljøplan) med handlingsprogram. I det vidare har vi vurdert korleis byrom og blågrønn struktur er handsama på bakgrunn av plandokumenta til KPA inkludert saka om temakart for samanhengande blågrøne strukturar.

3.6.1 Vurdering

God forvaltning av dei grøne verdiane har stor verknad for trivsel og folkehelse. Kvaliteten på bygningar, byrom og tilgjengelegheit til grøne lunger påverkar moglegheit for fysisk aktivitet og tilgang på sosiale møteplassar. Utbyggingsprosjekt i sentrale strom kan ofte representere større risiko for utbyggerane enn å bygge på jomfrueleg mark utanfor sentrum. Arealkostnadene er høge og det tek tid å avklare ein plan og/eller byggeprosjekt. Om prosjekta likevel klarer å løyse krava på eigen tomt, oppnår dei ikkje nødvendigvis god kvalitet på sine private areal. Fylkesrådmannen meiner det er eit godt grep at det i KPA vert lagt vekt på kvalitet framfor kvantitet med fellesløysingar for uteareal i sentrum. Det er viktig at det setjast eit tak for talet på bustader som «sokner» til dei ulike rekreasjonsareala, og vert stilt krav om at det vert opparbeida nye der det er behov. KPA bør presisere slike rammer for uteareal.

Fleirfunksjonelle blågrøne strukturar i tett by er svært viktig. Dette gir effektiv arealbruk der turvegtrasar, økologiske korridorar, opne vassdrag, flomvegar og blågrøne byrom vert sett i samanheng og ein får synergieffekt mellom dei ulike fagområda. Arbeidet går inn i mange viktige tema av regional interesse, mellom anna kvalitet i byrom, folkehelse, strandsonevern, klimatilpassing, og viltforvaltning.

Bergen skal byggast tettare. Dette kan bidra til at naturområder skjermast for nye store utbyggingar. I fortettingsområder skal det også gis rom for opne vassdrag, parkar, trær og grøne tak som skal bidra til å styrke den blågrøne infrastrukturen og samstundes gjere bymiljøet trivelegare. Byutvikling og fortetting gir difor både utfordringar og moglegheiter for dette feltet.

Temakartet viser eksisterande grøne og blå strukturar, og potensiale for vidare utvikling av desse. Kartet er grovmaska og meint å synleggjere viktige grøntfaglege omsyn som må leggest til grunn for vidare saksbehandling som vil kunne ta omsyn til trong for økologiske korridorar, opning av lukka bekker/elver og handtering av overvatn, turtrasear og blågrøne byrom. Framtidig areal, val av materialar, utforming, vegetasjonsbruk mm. vil være avgjerande for kva strukturane kan romme og nyttast til.

Temakartet skal ikkje vere rettslig bindande, men det er lagt opp til at framtidige områdeplanar, reguleringsplanar og andre kommunale planar skal kunne avklare nøyaktige innhald og plassering av traseane. Hordaland fylkeskommune stettar intensjonane som ligg i dette, men vurderer også at plantemaa er for viktig til at dei ikkje vert sikra juridisk i ei overordna plan. Dette gjeld både klimatilpassing, vern av økologiske samanhengar og sikring av grøne areal for opphald og ferdsel. I den tette byen vil verdien av tomteareal og behov for infrastruktur skape eit stort press på dei eksisterande grøne areala. Å tilbakeføre grå areal til grønt kan vere endå meir kostnadskrøvande. Desse motstridande interessene er i mange samanhengar for krevjande til at dei kan løysast ved forhandling i den enkelte sak og viktige omsyn kan gå tapt pga manglande styringsverktøy. For å nå mål om føreseielege og effektive plan og byggesaksprosessar må det ligge til grunn tydelegare rammer som synleggjer handlingsrom og kvalitetar og regulerer arealbruk og gir tilstrekkeleg vern av.

Fylkesrådmannen meiner at nettverk av byrom må vere sikra gjennom forpliktande kommunale planer og vedtak etter plan- og bygningslova. Kommunen legg opp til fleire strategiske planar knytt til byrom og grønstruktur, desse bør implementerast i ein kommunedelplan for byrom, som sikrar at det vert opparbeida aktivitets- og møteplassar for alle, og at dette vert sett i samheng med heile bustad- eller sentrumsområdet. Ei slik overordna plan for byrom og grønstruktur vil også bidra til å balansere forventningar hos dei ulike aktørane

«Strategisk plan for utvikling av byrom i Bergen 2018-2030» kan vere eit av fleire verktøy for å nå mål om kvalitet i offentlege rom, men vil ikkje dekke behovet for det juridisk verktøy som manglar i desse sakene. Vi ber kommunen vurdere om utvikling av byrom kan trekkast inn i rullering av kommunedelplan for blågrøne strukturar (Grøntmiljøplanen). Planane vil i mange tilfelle vere overlappande i høve til arealbruk, og gi gode muligheiter for å oppnå synergieffektar mellom bruk og vern. Ein kommunedelplan som sikrar grønstruktur, snarvegar, leikeplassar og møteplassar, vil kunne bane vei for at dei ulike fortettingsprosjekta kan gjennomførast meir effektivt og redusere konfliktnivå. Dette er også særskilte viktige grep for at dei mange kvalitetsmåla i KPA vert følgd opp, ikkje minst for oppvekstvilkår for barn og unge.

3.7 Strandsone

Sidan førre revisjon av KPA har det vore fleire framlegg om utfylling i sjøområder, både frå private og offentlege aktørar. Kommunen skal ha ros for omfattande planarbeid langs Nordåsvatnet og i Bjørndalspollen, som no er innarbeid i KPA 2016. Her vert det lagt til rette for areal til friluftsliv, avbøting av inngrep i strandsona og betre tilgang til sjøområder som tidlegare ikkje har vore tilgjengeleg. Dette er også ein samfunnsnyttig måte å nytte masseoverskot frå samferdselsanlegg i regionen.

Det er positivt at kommunen har starta arbeid med ein eiga strategi for sjøfronten frå Breiviken til Laksevågneset. Landskapsrommet kring Byfjorden er Bergen sitt varemerke og har høg eigenverdi. Landskapet i stor og liten skala er viktig å verne om for å forstå Bergen som handels- og sjøfartsby og administrasjonssenter for Vestlandet i over 1000 år. I desse sentrale delane av byen er det stort utbyggingspress. Bygg i strandsona er attraktive og kan gi god avkastning, og høg utnytting i sentrale strom fell saman med overordna mål om fortetting. Av denne grunn er det særleg viktig at rammer for vern og utnytting er tydelege og at arbeidet med strategi for sjøfronten vert implementert i overordna planer.

I arbeidet med rullering av KPA er lokalisering av naust og småbåtanlegg vurdert på nytt. Det er opna for at det kan byggast naust i nokre områder vurdert gjennom reguleringsplan. Hordaland har som areal- og miljømål at strandsona skal haldast open tilgjengeleg for ålmenta slik at ikkje verdifulle område vert nedbygde. Allmenne friluftsiresser skal prioriterast før utviklinga av private eigedomar i strandsona. Vi oppmodar presskommunen Bergen, til å sikre areal, og om naudsynt ta ut av planen ikkje utbygde område i strandsona. Med auka vekst vert desse areala meir verdifulle enn nokon sinne.

3.8 Barn og unge

Iht. veiledningen til RPR- barn og unge heiter det at «gjennom en samlet vurdering bør det fremgå at kommunen har tatt stilling til og vurdert kvaliteten på oppvekstmiljøet i kommunen», og vidare at – «kommunen har en helhetlig og langsiktig plan for hvordan man skal sikre barn og unge i kommunen et godt oppvekstmiljø gjennom mål og tiltak i kommuneplanen». Som grunnlag for ein samla vurdering er

kartleggingen og vurdering av konsekvensene viktig (fra KMDs veileder til RPR- Barn og unge)» For å oppnå mål om sikre, trygge og sunne bumiljø for barn og unge og muligheter for daglig fysisk aktivitet og friluftsliv, er det viktig at ei slik kartlegging føreligg og å sikre areal som faktisk nyttas eller som kan nyttas til aktivitet.

I føresegna er tilrettelegging for «Hjertesone» ved grunnskoler teken med i § 13 Barn og unge. Trafikksikre snarveger og g/s-veger mellom bustad og aktivitetsområder er via merksemd fleire stader. Fylkeskommunen vil rose kommunen for det fokus snarveger og trygge skuleveger er gitt i KPA. Med tanke på folkehelse og målet om at 80 % av barn og unge sykklar eller går til skolen er dette ei viktig satsing som må sikrast i plansaker. Fylkeskommunen vil følgje opp folkehelse og trafiktryggleik i eigne regionale planer.

3.9 Folkehelse

Satsing på folkehelse på tvers av sektorar er godt forankra i KPA. Bergen kommune behandlar fortetting og kompakt byutvikling i stor grad som samansette prosesser der ulike omsyn og interesser møtes. Det er positivt at planen skal legge til rette for inkluderande og samansette bumiljø med ulike typar bustader, tilgang til parker og gode leike- og opphaldsareal og grøntstruktur.

Kvaliteten på bygningar, byrom og tilgjengelegheit til grøne lungar påverkar moglegheit for fysisk aktivitet, tilgang på sosiale møteplassar og opplevd kjensle av tryggleik gjennom meir aktivitet i sentrum og knutepunkt. I eit folkehelseperspektiv er sentrale utfordringar for byutvikling fortetting som legg press på allereie tette sentrumsområde. Fortetting i tette bydelar vil kunne forsterke utfordringar med mellom anna luft- og støyplager, trangboddhet, mangel på grøntareal/rekreasjon, utanforskap og høge prisar på bustader.

Det er viktig at Bergen kommune legg til rette for vanskelegstilte på bustadsmarknaden i KPA. Bustaden og nærområdet utgjør ein viktig ramme for velferd, - for å stå i eit utdanningsløp, danne familie, ha ein stabil tilknytning til arbeidslivet og ta vare på helsa.

Eit viktig mål i folkehelsepolitikken er å redusere sosiale helseforskjellar i befolkninga. Den kompakte byutvikling må derfor ta omsyn til i kor stor grad fortetting og knutepunktutvikling er inkluderande og mangfaldig, der mindre kjøpesterke grupper får innpass. Det er viktig at Bergen kommune sikrar område som har behov for opprusting og større mangfald i fortettingsprosesser i forhold til å bevare gode kvalitetar i område og gjør det mulig for mindre kjøpesterke å bli buande i området.

I føresegna vert stilt «Krav om Mobilitetsplan for bygg og anlegg større enn 5000 m²». Dette er positivt, og vil bidra til at større verksemd må være bevisst eiga mobilitetsarbeid og korleis den einkilde arbeidstakar skal kome seg til og frå jobb.

3.10 Universell utforming

Mål i Regional plan for folkehelse seier i 1.4, at - Hordaland skal vere eit universelt utforma samfunn innan 2025. Den seier også at - Deltaking for alle og universell utforming skal vere eit gjennomgåande prinsipp for alle regionale og kommunale planar.

Kommuneplanens arealdel følgjer langt på veg opp mål som er stilt i samfunnsdelen, mellom anna å *utjevne levekårsforskjellar, fremme folkehelse og forebygge sykdom*. Til dels er dette tema som kan vere krevjande å konkretisere i samband med ein arealplan, då mange av tiltaka er avhengig av vedtak og politikk på andre arenaer. Når det gjeld å legge til rette for universell utforming har kommunen eit større handlingsrom i KPA enn dei har gjort seg nytte av. Universell utforming er grunnleggande for å bygge ned barrierer for menneske som er ramma av nedsett førlegheit og vil bidra at innbyggjarane opplever å bli møtt likeverdig i kvardagen.

Det er positivt at det er krav om at *«det skal redegjøres for universell utforming både internt i planområdet og i samanheng med omgivelsene.»*, men vi kan ikkje sjå at kommunen har ein definert eiga standard for kva som er tilfredstillande løysingar i høve til universell utforming. I føresegn for bustader er det presisert at tilgjengelegheitskrava i teknisk forskrift skal oppfyllest for nybygg. Tilhøyrande retningslinjer seier at *- boliger i hovedsak skal plasseres slik at eldre kan bo hjemme så lenge som mulig.»* Dette er ein viktig

presisering, men teksten i føresegna er for vag og legg for stort ansvar på den enkelte sakshandsamer og planleggar.

Det krev brei kunnskap om kva TEK seier og kva som ikkje er sikra i forskrifta. Regelverket er komplekst og ofte går dei gode intensjonane tapt undervegs. Difor må kommunen utarbeida sitt eiga verktøy for å sikra at mål og gode intensjonar frå samfunnsdelen vert ivaretatt ned til den einskilde bustad og byrom. Kommunen må utarbeide norm for universell utforming. Ved å vise til denne kan føresegna forenklast. Fram til ei slik norm føreligg må føresegnene i KPA detaljerast ytterlegere. Det bør til dømes presiserast krav til heis, plassering av funksjoner i bustaden, parkering, uteareal med meir. Dette er premiss som har konsekvensar for val av løysingar i reguleringsplan som til dømes korleis bustaden vert lagt i terrenget, inngangsoner i høve til veg og parkering, tilkomst til kollektivtransport m.m.

Bergen kommune vil få fleire eldre i framtida. Nye undersøkingar viser at for denne målgruppa er det særleg viktig å sikre gode møteplassar i nærmiljøet, tilgang til grønne lungar og universell utforming. Dette påverkar grad av sjølvstendigheit og kor lenge folk kan bu heime. Vi viser også til mål i *Regional plan for folkehelse - 2.3 Bustader til folk med ulike behov* i gode nærmiljø med retningslinjer om å - *Sikre bustader som er tilgjengelege for ulike behov og aldersgrupper-*, og - *Auke kunnskap om fordelar og mogelegheiter som kan finnast i samband med å auke tilgjenge i den eksisterande bustadmassen.*

Fordi kommunen i arealplanen i større grader viser til at offentleg areal skal nyttast også som uteareal for bustadene i nærleiken, er det særleg viktig at krav til universell utforming vert sikra. Det bør utarbeidast eit handlingsprogram for offentlege bygg og uteareal, for å oppgradere gater og plassar, og binde saman område som ikkje har tilfredstillande løysingar i dag. Tilkomst mellom bustad og uteareal må vere sikra universell utforming.

Vi viser igjen til den regionale planen for folkehelse som seier under delmål 1.4 at - *-Offentlege bygg, skular, haldeplassar og kollektivtransport skal vere universelt utforma innan 2025.*
- *Sentrumsområde og publikumsretta anlegg skal vere planlagde og utbygde etter prinsippa om universell utforming innan 2025.*

3.11 Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert planen som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Fylkeskommunen har ansvar for å samordne kulturminnefaglege innspel frå Riksantikvar og Bergens Sjøfartsmuseum.

Bergen kommune har lagt ned mykje arbeid i utarbeidinga av den nye arealdelen i samband med kulturminne og kulturmiljø. Dette synast allereie i føremålsparagrafen punkt fire der det peikast på at ein må ivareta naturgitte, historiske og bymessige kvalitetar som byens landskap, blågrøn struktur, biologisk mangfold og byområder med ulike plangrep, arkitektur- og kulturminnekvalitetar. Kommunen har gjort ein grundig jobb med å velje ut og beskrive verdiar i ei rekkje viktige kulturmiljø som er lagt i omsynssone for bevaring. Dette er eit godt reiskap for langsiktig vern og bruk av slike verdiar. § 12 i føresegnene, *Kulturminner og kulturmiljø*, synar at Bergen kommune meier alvor i sitt arbeidet med å ta vare på kulturminna både i byen og i resten av kommunen på ein god måte.

Bergen kommune har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål, jf. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2015).

I regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, PREMISS:KULTUR, har ein omtalt utfordrande knytt til dei demografiske endringane i Hordaland som vil få stor innverknad på kulturminne, kulturmiljø og samspelet mellom kulturmiljø og landskap. Her står det blant anna:

Hordland fylkeskommune skal ha ei aktiv haldning til å ta vare på kulturminne, kulturmiljø, landskap og friluftsområde i møte med samfunnstransformasjonane, slik at nasjonale mål og mål som er nedfelt i den europeiske landskapskonvensjonen vert nådd. Også innan utvikling og utforming av nye fysiske miljø har

det offentlige eit hovudansvar. Det bør stimulerast til ny spennande arkitektur i samspel med og utfordring til tradisjonell byggeskikk.

Bergen kommune har definert ein av hovudoverskriftene i KPA til å handle om kvalitet. På fleire områder meiner vi dette er godt ivarett i samsvar med den regionale kulturplanen. For kulturminner- og miljø er det gjennom føresegn og i ei rekke omsynssoner desse kvalitetane definert. Vi kan likevel sjå at det er potensiale for store konflikter då ein ikkje godt nok har samkjørt forventningar til utvikling og transformasjon, med dei avgrensingane som ligg i føresegn og omsynssone for kulturmiljø.

3.11.1 Uavklarte plankonflikter mellom kulturminne og byfortetting

Byfortetting og transformasjon kan vere i konflikt med kulturmiljø og eksisterande strukturer om ein ikkje tek omsyn til eksisterande kvalitetar. Spiller ein på lag med kulturmiljøa kan byfortetting og transformasjon gje nye kvalitetar og spennande bygningsmiljø, jf. RA sin bystrategi frå 2017.

Kulturminne og kulturmiljø er viktig for identitet, tilknytning og kan være ein viktig ressurs for næringsutvikling. Dei viktigaste årsakene til tap eller svekking av kulturminneverdiane er aukande utbyggingspress og manglande bruk av bygningsmiljø, ofte som følgje av nedleggingar i tradisjonell arealkrevjande industri og gardsdrift. I eit berekraft perspektiv er det viktig at eksisterande bygningar vert teken vare på, vert oppgradert og nytta. Eksisterande byer og tettstader representerer store verdiar, og mellom 70 og 80 % av eksisterande bygningsmasse vil fortsatt vere i bruk i 2050. Heilskapelege livssyklusanalysar viser at riving og nybygging ofte gjev større klimagassutslepp enn bevaring og gjenbruk.

Bergen kommune har gjort ein grundig jobb med å peike ut og skildre verdiane i ei rekke viktige kulturmiljø. Byantikvaren har skildra omsynssonene i vedlegg til KPA: *«I slike miljøer skal tiltak fremme vern av kulturminne eller kulturmiljøet, og det skal være et mål at den kulturhistoriske bebyggelsens egenart og områdets særpregede kulturmiljø sikres og opprettholdes.»*

Omsynssonene for kulturmiljø omfattar i stor grad utbygde områder med gode arkitektoniske kvalitetar og etablerte bumiljø, kor mange er villaområder.

Kulturminner, kulturmiljø og landskap kan ein sikre på tre måtar i kommuneplaner:

- Omsynssoner med føresegn eller retningslinjer
- Føresegn til arealformål
- Generelle føresegn

I KPA for Bergen bruker ein i hovudsak omsynssoner med retningslinjer for å sikre kulturminner, kulturmiljø og landskap. I plan- og bygningslova står det om omsynssone c) (H570): *særlig hensyn til (...) bevaring av (...) kulturmiljø med angivelse av interesse.* I tillegg er kulturminne sikra i KPA i føresegn § 1 kor ein peiker på *å ...ivareta..., historiske,...()...arkitektur- og kulturminnekvaliteter.*

Vi ser potensiale for krevjande prosessar i det vidare planarbeidet når forventningane til utbygging ikkje er i samsvar med forventningane til bevaring av kulturmiljø. I planskildringa og i dei generelle føresegnene for «bebyggelse og anlegg» tek ein ikkje i stor nok grad omsyn til at desse også ligg i omsynssone for bevaring av kulturmiljø.

Dei fleste omsynssonene er knytt til eksisterande bustadområder med småskala bygningar tilpassa den lokale vegstrukturen og topografien. Desse områda er planlagt og bygd ut i løpet av dei siste hundre åra, mange med arkitektur av svært høg kvalitet. Vi ser at KPA har intensjonar om å bevare kvalitetar og kulturmiljø, men slik planen ligg føre er det ikkje samsvar med kva som står i føresegn knytt til utbygging og fortetting kontra bevaring i dei områda der areal for utbygging og omsynssoner samantfall.

I føresegn § 26.3 står det mellom anna at: *«ny bebyggelse skal ha bymessig utforming, med sammenheng i fasadeliv, ferdselsårer utformet som gater og finmasket byroms/gangnett med maks. 70 m mellom gangårer. Parkering skal skje i fellesanlegg.»*

I planskildringa s. 14 står det om sone 2 Byfortettingssonen: «For andre områder må det påregnes betydelige endringer, fra småhusbebyggelse til tettere, høyere og mer sammenhengende bygg. Ny bebyggelse i denne sonen skal primært tilpasses en fremtidig bystruktur, og ikke til den bygningsstrukturen som finnes i dag.»

Dette er i konflikt med § 12.2, der det står: «Bygninger, anlegg eller miljø som har særlig kulturhistorisk verdi skal bevares og tillates ikke revet. «I retningslinjene står det vidare: «Det omkringliggende bygningsmiljøet og den stedegne by- og byggeskikken skal vektlegges.»

For å betre sikre kulturmiljø må retningslinjene til omsynssonene, føremålsparagrafen til planen og generelle føresegn ligger til grunn for kommunens vedtak i plan- og byggesaker. For å sikre at dei utvalde kulturmiljøa som ikkje er omfatta av § 38.3, ber vi om at dei vert forankra i føresegnene under bebyggelse og anlegg, § 26.1 i felles føresegner for sone. 1-3.

Døme på føresegn kan vere: *I områder der bebyggelse og anlegg samantfall med omsynsone c). (H570), som ikkje er omfatta av § 38.3, skal ein ta særlig omsyn til bevaring av kulturmiljø. I sonene skal dei kulturhistoriske verdiane vere førande for arealbruken, byggje- og anleggstiltak.*

Forslag til vedtak om motsegn: *Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner det er uavklarte plankonfliktar mellom kulturminne og byfortetting. Utvalet meiner at dei prioriterte kulturmiljøa som har fått omsynsone c), og som ikkje er omfatta av § 38.3, må sikrast i føresegnene, og at dei kulturhistoriske verdiane må vere førande for arealbruk, byggje- og anleggstiltak i desse områda.*

Sandviksbukten og Skuteviken

Sandviksbukten og Skuteviken ligg inne i Riksantikvaren sitt NBI-register og er av nasjonal interesse som kulturmiljø i by og hadde tidlegare omsynsone kulturmiljø. Vi er kritisk til at denne no er tatt bort i forslag til ny KPA. Sandviksbukta og Skuteviken syner utvidinga av Bergen som internasjonale storhamn frå 1600-tallet med dei store sjøbuene, produksjonsanlegga og grendene med småskala bustadmiljø. Dei nasjonale interessene er knytt til de tekniske kulturminna i form av sjøhus m.m., lystgardane og dei tidlige urbane trehusmiljøa. For å få til ei føreseieleg planlegging av dette området, må desse verdiane sikrast med generelle føresegn, retningsliner og omsynsone planen.

Forslag til vedtak om motsegn: *Sandviksbukten og Skuteviken er i gjeldande KPA regulert til bevaring og Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner området fortsatt må ha omsynsone c) og retningsliner.*

3.11.2 Innspel frå Riksantikvaren

Riksantikvaren har i brev datert 21.11.2017 sendt over innspel i høve automatisk freda mellomalderbygrunn, mellomalder kyrkjestader utanfor mellomalderbyen, automatisk freda byggverk, samt vedtaks- og forskiftsfreda bygg. Riksantikvaren sitt brev er lagt ved og må lesast i sin heilheit. I det følgjande vert berre dei viktigaste punkta lista opp.

Direktoratet påpeikar at kommuneplanen har mange gode formål, føresegner og retningslinjer om bevaring av kulturminne og kulturmiljø i kommunen. Dei har likevel innspel vedrørande dei forvaltningsområda som direktoratet har førstelinjeansvar for. Riksantikvaren ber om at handteringa av grunnvatn vert omtalt i planbeskrivelsen og innarbeida i føresegna til planen, der Bergen kommune beskriver korleis dei vil handtere sitt ansvar for forvaltninga av grunnvatnet og korleis eit stabilt nivå av grunnvatn er ein føresetnad for å redusere setningutvikling og bevare freda kulturlag og freda og verneverdige bygg. Dei er skeptisk til at arealføremålet i Bergen sentrum er føreslått som Sentrumskjerne og Byfortettingssone. Sjølv om eit stort areal av Bergen sentrum er satt av til bestemmelsesområde med eigen føresegn, jf. § 38.3 og areal er bandlagd etter kulturminnelova, meiner dei at dette kan gje signal som kan misforståast. Dei påpeikar at delar av det automatisk freda kulturminnet «Mellomalderbyen Bergen» med mellomalderkyrkje, arkeologiske kulturlag og ruinar etter kyrkjer og klosteranlegg, samt Bergenhus festning og verdsarvstaden Bryggen, ligg innafør arealføremål Byfortettingssone. Riksantikvaren tilrår at Bergen kommune må

tydeliggjere premissa som kulturminne sett for utviklinga av Bergen sentrum, og vurdere dei signala plankartet gjer med avgrensinga av Sentrumskjerne og Byfortettingskjerne.

Bergen mellomalderby

Mellomalderbyen Bergen er eit automatisk freda kulturminne, og bandlagd etter kulturminnelova. I planforslaget er mellomalderbyen lagt inn som bandlagd område, men utan automatisk freda sikringssone. Også sikringssona til mellomalderbyen skal synast som omsynssone d) bandlagd etter kulturminnelova, med SOSI-kode H_730.

Avgrensinga av Mellomalderbyen Bergen finnes i kulturminnedatabasen Askeladden under id nr. 88461. Innafor avgrensinga av Mellomalderbyen Bergen ligger Bergen Domkirke, id nr. 83876, Korskirken, id nr. 84827 og Mariakirken, id nr. 84395, samt ruinar etter Nonneseter klosteranlegg, id nr. 87150, Allehelgens kirke, id nr. 95051-1, Katarinahospitalet, id nr. 95166-1 og Erkebispegården, id nr. 95053-1. I fråsegna skal denne teksten nyttast:

«For alle tiltak som nevnt i kulturminnelovens § 3 og som kan berøre middelalderbyen Bergen skal det søkes dispensasjon fra lovens bestemmelser. Eventuell søknad om tillatelse til inngrep i automatisk fredet kulturminne innenfor hensynssone d) skal sendes rette kulturminnemyndighet i god tid før arbeidet er planlagt igangsatt.»

Vidare må det i generelle føresegner takast inn krav som må oppfyllest i samband med nye tiltak i eller i nærheten av mellomalderbyen:

«Middelalderbyen Bergen» - innenfor bysentrum finnes det automatisk fredete kulturlag fra middelalderen. Ved tiltak i, eller i nærheten av disse hvor det er fare for påvirkning av grunnvannstand, kreves miljøoppfølging, blant annet ved miljøovervåking, sikring av kildemateriale ved en arkeologisk utgravning eller ved tiltak som hindrer endring av grunnvannstanden. Riksantikvaren avgjør når og hvordan miljøoppfølgingen skal gjennomføres.»

Forslag til vedtak om motsegn: *Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til at den automatisk freda mellomalderbyen Bergen skal synast i plankartet som omsynssone d) bandlagd etter kulturminnelova, inkludert 5 meter automatisk freda sikringssone. Eigne føresegner for mellomalderbyen og tilgrensande areal må innarbeidast i planen.*

Mellomalder kyrkjestadar utanfor Mellomalderbyen Bergen

Ein kjenner i dag til tre mellomalderske kyrkjestadar i Bergen kommune utanfor avgrensinga av Mellomalderbyen Bergen. Ei av desse ligg på ein kyrkjegard som framleis er i bruk, ei er nedlagd, og ei manglar nøyaktig kartfesting.

Mellomalderkyrkjestadar i bruk

Fana kyrkje og kyrkjegard er eit automatisk freda kulturminne. Kyrkja og den mellomalderske delen av kyrkjegarden er automatisk freda og skal markerast med omsynssone d), bandlagd etter kulturminnelova. Geometri kan hentast frå Askeladden under id nr. 84114. Følgjande føresegn skal gjelde for kyrkja og den mellomalderske kyrkjegarden:

«Fana middelalderkirke og -kirkegård er et automatisk fredet kulturminne. Ingen inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på det automatisk fredete kulturminnet er tillatt med mindre det foreligger dispensasjon fra kulturminneloven.

Innenfor middelalderkirkegårder er gravlegging kun tillatt i gravfelt som har vært i kontinuerlig bruk siden middelalderen. Gravfelt som ikke har vært i bruk etter 1945 skal ikke benyttes til gravlegging.

Gravminner som er eldre enn 60 år skal ikke flyttes eller fjernes uten at kulturminnemyndighetene er gitt anledning til å uttale seg. Eventuell søknad om tillatelse til inngrep eller tiltak som kan ha innvirkning på kulturminnet skal sendes rette kulturminnemyndighet i god tid før arbeidet er planlagt igangsatt. Kostnader

knyttet til nødvendige undersøkelser og eventuelle arkeologiske undersøkelser belastes tiltakshaver, jf. kulturminneloven § 10.

Ved all planlegging av tiltak i kirkens omgivelser skal det tas hensyn til kirkens plassering og virkning i landskapet.

All bygging nærmere enn 60 meter er forbudt etter kirkeloven § 21 femte ledd, uten tillatelse fra biskopen. Saker som gjelder Fana kirke skal behandles av Riksantikvaren som fatter vedtak etter kulturminneloven.»

Nedlagde mellomalderkyrkjestadar

Kirkebirkeland og Liland mellomalderkyrkjestadar er automatisk freda. Geometri for desse kulturminna kan hentast ut frå Askeladden og leggst inn på plankartet og merkast som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova, automatisk freda kulturminne. Kyrkjestadane har følgjande id nr. i kulturminnedatabasen Askeladden: Kirkebirkeland, id nr. 14075, Liland, id nr. 84302-1. Liland kyrkjestad manglar nøyaktig stadfesting og ligg difor inne berre med punktgeometri.

Følgjande føresegner skal gjelde for dei nedlagde mellomalderske kyrkjestadane:

«De middelalderske kirkestedene er automatisk fredete kulturminner. Ingen inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på de automatisk fredete kulturminnene er tillatt med mindre det foreligger dispensasjon fra kulturminneloven.

Eventuell søknad om tillatelse til inngrep eller tiltak som kan ha innvirkning på kulturminnene skal sendes rette kulturminnemyndighet i god tid før arbeidet er planlagt igangsatt. Kostnader knyttet til nødvendige undersøkelser og eventuelle arkeologiske undersøkelser belastes tiltakshaver, jf. kulturminneloven § 10.

Ved all planlegging av tiltak i kirkestedets omgivelser skal det tas hensyn til plassering og virkning i landskapet.»

Forslag til vedtak om motsegn:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til at automatisk freda kyrkjer, kyrkjestadar og kyrkjegardar skal markerast med omsynssone d), bandlagt etter kulturminnelova med tilhøyrande føresegner.

3.11.3 Særlege kulturminnefaglege merknader

Automatisk freda byggverk og vedtaks- og forskriftsfreda bygg

Riksantikvaren ber om at automatisk freda byggverk, samt vedtaks- og forskriftsfreda bygg vert vist i arealplankartet med omsynssone H_730. For automatisk freda bygg gjeld dette Arnatveit, ID 87115, Nøstegaten 39-45, ID 118940, Bergenhus, ID 87123. Dei automatisk freda bygga bør få føresegner som lyder:

«Bygninger og anlegg i kommunen eldre enn 1537, samt erklærte stående byggverk fra perioden 1537-1649 er automatisk fredet og skal forvaltes etter kulturminnelovens bestemmelser.»

Det er til saman 30 bygningar i Bergen som er freda ved forskrift etter kulturminnelova § 22a eller vedtaksfreda. Riksantikvaren har lagt ved ei liste med bygningane og Askeladden ID. Føresegna til vedtaks- og forskriftsfreda bygg bør lyde:

«Bygninger og anlegg som er fredet ved forskrift eller vedtak etter kulturminneloven skal forvaltes i henhold til bestemmelsene i fredningsvedtaket, eventuell forvaltningsplan og kulturminneloven.»

Forslag til vedtak: *Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at automatisk freda bygningar, samt vedtaks- og forskriftsfreda bygg synast i plankartet som omsynssone d) med føresegner.*

§ 12 Kulturminner og kulturmiljø

§ 12 er utarbeida for å sikre vern av kulturminne og kulturmiljø og synar at kommunen ynskjer å bevare det historiske særpreget både til Bergen som historisk by og byens omland. Denne paragrafen vil verte eit viktig reiskap i arbeidet for sikre langsiktig bevaring og bruk.

For å sikre kulturminne- og miljø som ikkje er ein del av omsynssone kulturmiljø ber vi om at §12 vert omarbeidd og gjort tydligare i høve til kva konsekvensane for eventuelle kulturminne. Ein må ikkje berre skildre verdiane, men dei må også være førande for vidare vurderingar i plan- og byggesaker.

Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i samband med kommuneplanen. Fylkeskommunen kan dermed ikkje seie seg samd i ny arealbruk i kommuneplanen sin arealdel før §9 i kulturminnelova er oppfylt for det einkilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.

Vi ber om at det i føresegn under § 12 «Kulturminner og kulturmiljø», leggst til under punkt 1: *Undersøkningsplikten jf. § 9 i kulturminnelova skal utførast på reguleringsplannivå eller ved søknad om tiltak, dette gjeld både på land- og i sjøareal. Hordaland fylkeskommune kan ikkje seie seg samd i arealføremålet før § 9 er gjennomført og tilhøve til automatisk freda kulturminne er utreda og teken omsyn til i planprosessen.*

Forslag til vedtak: *Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at undersøkningsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, vert innarbeida i føresegnene.*

Automatisk freda kulturminne bandlagd etter kulturminnelova

Alle kulturminner som er freda etter kulturminneloven kan og gis omsynssone d). (H730) Sona angir områder for bandlegging. Dette gjelder for alle slags fredingar eller vern etter kulturminnelova. I KPA er det berre freda bygrunn i Bergen sentrum som er vist med bandlegging etter kulturminnelova.

Bergen kommune har valt å ikkje vise automatisk freda kulturminne som omsynssone H_730 på arealplankartet, men visar til grunnkartet. Å vise til grunnkartet er ikkje hensiktsmessig då Bergenskart.no ikkje viser heile den juridisk bandlagde fredingssona til eit automatisk freda kulturminne. Dette kan føre til misforståingar for dei som nyttar grunnkartet og kan føre til skade med etterfølgjande straffefølgjing sjølv om ein har nytta Bergen kommune sitt kart. Dei fleste offentlege institusjonar i Noreg har valt å nytte Riksantikvaren sin WMS-teneste for Riksantikvaren sin kulturminnedatabase Askeladden. Ein kan og nytte egne databaser og filar, men det fordrar at ein legg til 5 meter automatisk sikringssone rundt kvart automatisk freda kulturminne. Ein må då også då hugse å oppdatere eige kartsystem, då nye påviste automatisk freda kulturminne fortløpande vert lagt inn i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase.

Riksantikvaren har i eige brev også kommentert denne feilen i kommunen sitt grunnkart.

Temaet kulturminne bør også verte eit obligatorisk val i Bergenskart.no når ein nyttar karttypane *kommuneplan, eigedomskart, plankart, teknisk kart og tenestekart.*

Forslag til vedtak: *Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at grunnkartet til kommunen vert oppdatert slik at den 5 meters automatisk freda sikringssone vert synleg i tråd med nasjonale retningslinjer for visning av automatisk freda kulturminne.*

Byfjorden og sjøfarten

Det er i dag store transformasjonar i strandsona. Kulturarven knytt til kystkulturen, sjøfarten og utviklinga av Bergen mot sjøen må løftast fram og sikrast ytterligare. Vi har fleire eksemplar på at kulturmiljø i den historiske strandsona har vore under press med til dømes utfylling i sjø og påfølgjande utbygging. Riksantikvaren har gitt nasjonale føringar i sin *Bystrategi 2017-2020* der dei påpeikar at karakteristiske landsapsformasjonar og visuelle samanhengar mellom historiske bygningar er viktig for opplevinga av byen og for forståelsen av historiske samanhengar. Kvalitetane i landskapsrommet, sjø- og vatnarealet og grøntområde, skal ivareta og vere eit viktig premiss for byutvikling.

Kaier, hoper, tørrdokker og andre kulturminner knytt til handel og verftsindustrien bør difor sikrast betre i planen eller utreiast som eit tema i ein kommunedelplan for kulturminne. Dette er kulturminner både av internasjonal og nasjonal, samt regional og lokal kulturminneinteresse med stor tidsdjupne som er viktige for å forstå Bergen som handels- og sjøfartsby og administrasjonssenter for Vestlandet i over 1000 år.

Forslag til vedtak: *Utval for kultur, idrett og regional utvikling oppmodar kommunen til å innarbeide historieforteljande kulturmiljø knytt til sjøareal og kystkultur, som til dømes kaier, hoper, tørrdokker og andre kulturminne knytt til handel og verftsindustrien, i ein kommunedelplan for kulturminne*

§ 27.6 Grav- og urnelund

Vi ber om at tiltak i eksisterande grav- og urnelund må sendast Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren for handsaming i høve kulturminnelova. For nye grav- og urnelunder må det utarbeidas reguleringsplan.

Fana prestegard – omregulering frå LNF til grav- og urnelund framtidig, gnr/bnr 96/1.

Området ligg i omsynssone H570 kulturmiljø Fana-Stend. Tiltaket kjem i konflikt med ei rekke automatisk freda kulturminne, samt ei rekke arkeologiske funn som har uavklart vernestatus då det ikkje er gjort større arkeologiske undersøkingar i området. Til saman er det snakk om rundt 20 funn. Dei automatisk freda kulturminna er gravhaugar som truleg kan daterast til jernalder. Av innleveringspliktige gjenstandar er det mellom anna levert inn eit fragment av ei smykkeplate, ei tutulus, frå eldre bronsealder. Dette er det einaste funnet av sitt slag i Hordaland, og vert som oftast knytt til gravleggingar. Elles er det funne fleire myntar frå mellomalder, del av korsforma spenne frå jernalder, samt andre fragment av bronse som truleg kjem frå ulike beslag og spennar, spinnehjul av bly, samt eit vektlodd av bly. I tillegg er det gjort funn av fleire andre gjenstandsfragment som det er vanskeleg å bestemme typen på. Det er også kjent at det vart gjort inngrep i ein stor gravhaug med bautasteiner omlag 450 meter aust for Fana kyrkje. Her vart det gjort funn av ei klebergryte og ei jernøks. Mengda funn syner at potensialet for funn av ukjende automatisk freda kulturminne er særst stort i dette området. Å avsette areala til framtidig grav- og urnelund er difor i konflikt med kulturminnelova § 3.



Riksantikvaren sin vurdering er at området sett av til ny gravplass søraust for Fana kyrkje vil verte skilt frå noverande kyrkjegard me ein veg (Titlestadvegen) og ein bekk. Grøntdraget langs bekken vil kunne danne ein buffer mellom den nye gravplassen og mellomalderkyrkjestaden. Riksantikvaren vurderer at i høve mellomalderkyrkjestaden er det akseptabelt å etablere ei gravplass her. Riksantikvaren føreset at det utarbeidast reguleringsplan for dette føremålet jf. føresegna i § 3, då nærleik til den automatisk freda kyrkja gjer at tiltaka må avklarast i forhold til kulturminnelova sin § 3.

Hordaland fylkeskommune er ikkje samd i arealføremålet. Tiltaket vil krevje utarbeiding av reguleringsplan. Gjennom planprosess må ein rekne med at områda nord for Hamrevegen vil verte lagt i omsynssone for å bevare automatisk freda kulturminne.

Forslag til vedtak: *Grunna konflikt med automatisk freda kulturminne rår Utval for kultur, idrett og regional utvikling ifrå at arealet ved Fana prestegard, gnr/bnr 96/1 vert regulert til grav- urnelund, men opprettheld sin status som LNF.*

Omsynssoner

I KPA er det ein rekke omsynssoner med retningslinjer for bevaring kulturmiljø og det er positivt at kommunen setter av og vurderer ulike områder som viktige for å skildre kvalitetar ved utviklinga av Bergen. Omsynssonene er skildra og har retningslinjer i vedlegg 4 til KPA.

Vi ber om at ein er meir presis i teksten i vedlegget på å skildre ansvaret til dei ulike myndigheitene som forvaltar kulturminne i Bergen.

KPA skildrar, identifiserer og sikrar ikkje alle kulturminner i kommunen i detalj, noko ein framtidig kulturminneplan vil kunne bidra med. Derfor må viktige enkelt bygningar og miljø som er utanfor omsynssonene, sikrast i generelle føresegn §12 og i dei vidare planprosessane. Vi meiner likevel ein bør sikre fleire viktige bygningsmiljø i omsynssone. Lista er ikkje uttømmende, med dette gjelder til dømes fleire kulturminne av regional og nasjonal verdi: Nordnes skule, Sjømannsskulen, Sjømannes alderhjem, alle hopane på Nordnes og Dikkedokken. Børsen og bankbygningane sør for Vågsallmenning. Mon Plasier og parken knytt til lystgarden Christinegård i Sandviken. Langegården og reperbanen på Fjøsanger og Sandviksbukta.

Landbruksminner og Byfjellene

KPA har fleire omsynssoner knytt jordbruks- og kulturhistorisk landskap. Men vi saknar retningslinjer som sikrar kulturminne knytt til jordbruks- og kulturhistorisk landskap som ikkje er omtalt i omsynssonene. For jordbruks- og kulturhistoriske landskap som ikkje er omtala i omsynssonene foreslår vi at følgjande tekst nyttast i retningslinjene knytt til landbruksminne: *Ein bør søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter og bygningar knytt til gardsbruk.*

Krigsminne

Forutan Espeland fangeleir er det i omsynssoner for bevaring av kulturmiljø berre teken med eit krigsminne fordelt på to mindre område, eit lyskastarbatteri på Såta, og eit tung luftvern batteri på Lauvås.

Som følgje av Bergens strategiske betyding for den tyske okkupasjonsmakta fekk byen offisiell status som Festung Bergen i desember 1943. Innafor noverande Bergen kommune sine grenser vart det i tillegg til kystfort etablert eit omfattande luft- og nærforsvarssystem som skulle sikre dei tyske installasjonane og dei ulike hovudkvartera i og ved byen. I tillegg til seks tunge og 64 middels tunge og lette luftvern batteri og enkeltstillingar fantes det fem kystfort, fem mindre kanonbatteri og 24 bemanna støttepunkt i Bergen kommune. Eit støttepunkt vart normalt bemanna av 35-40 soldatar, gjerne væpna med ein eller fleire panservernkanonar, maskingevær, bombekastarar og handvåpen. I tillegg prega store sentrale militærleire og lagre på Laksevåg/Melkeplassen, Åsane, Arna, Nesttun og Fana.

Hordaland fylkeskommune ser krigsminne som ei viktig kategori kulturminne for å kunne formidle vår nære kollektive historie, og ser det som positivt at dei vert innarbeida i omsynssoner. Vi skulle ønska at fleire anlegg og stillingar vart lagt i omsynssoner og nærmare skildra eller omtalt i generelle føresegn §12. I

samband med arbeidet med kulturminneplanen anbefaler vi at krigsminne vert meir grundig omtalt og at ein kategoriserer og prioriterer i samband med denne planen.

§ 24 Massehåndtering

Det vert opna for massedeponering unnateke plankrav i ein del høve. I områder der det vert gjennomført massehåndtering og deponering kan det ligge både kjende og ukjende automatisk freda kulturminne som kan vere i konflikt med tiltak. Vi ber om at saker vert sendt Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren for vurdering i forhold til automatisk freda kulturminne.

Forslag til vedtak: *Utvalet ber om at saker unnateke plankrav i samband med massedeponering, vert sendt Fylkeskonservatoren til fråsegn i høve automatisk freda kulturminne og innarbeida i retningslinene, § 24.*

Listeførte kyrkjer

I Bergen kommune har ein fleire listeførte kyrkjer der tiltak i dei nære omgjevnadane skal handsamast av ulike myndigheiter. Fylkeskommunen skal etter rundskriv *T-3/00 Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø* handsame nye tiltak innanfor 60-meterssona frå kyrkja i spredtbygde områder. Ved varsel om oppstart av arealplaner, ved offentleg ettersyn og i byggesaker, skal fylkeskommunen vurdere planens verknad på sjølve kyrkja og kyrkja sine omgjevnader. Listeførte kyrkjer i Bergen er: Arna kyrkje, Fyllingsdalen kyrkje, Johanneskirken, Laksevåg kyrkje, Landås kyrkje, Loddefjord kyrkje, Salhus kyrkje, Sandvikskirken, Slettebakken kyrkje, St. Jakob kyrkje, St. Markus kyrkje, Storetveit kyrkje, Ytre Arna kyrkje og Årstad kyrkje. Vi ber om at 60-meters sona vert lagt inn i plankartet, og skildra i retningslinene.


Forslag til vedtak: *Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at det i plankartet vert lagt inn ei 60-meters sikringszone kring dei listeførte kyrkjene, jf. kyrkjerundskrivet, T-3/2000.*

§ 38 Bestemmelsesområde

Det er positivt at det i KPA er lagt inn seks bestemmelsesområder (§ 38.3 Historiske områder) med generelle føresegn for å sikre verdifulle kulturmiljø.

Arealføremål

Ruskeneset – Straume gnr./bnr. 35/23 mfl. Arealføremålet ved Ruskeneshellerne må bli endra slik at det samsvarer med områdeplan for Dolvik-Hope marina- og bustadområde. Arealet som i planframlegget er vist som øvrig byggesone, må endrast til *grønnstruktur, annen særskilt angitt bebyggelse og anlegg og parkering* i tråd med områdeplanen.



Utsnitt frå plankart i pågåande områderegulering for Dolvik-Hope

Stend

På garden Stend meiner ein det kan ha vore eit høvdingsete i jernalder, og vi veit det har budd folk her i 10000 år. Frå 1682 til 1741 var garden adelig settegard og på 1700-tallet var den ein av dei finaste lystgardane utanfor Bergen. I 1861 var bruket kjøpt av Søndre Bergenhus amt og har sidan vore i fylkes sitt eige. Det har vore landbruksskule på eigendommen sidan 1866, over 150 år. Stend er eit viktig nasjonalt og regionalt kulturminne.

På vestsida av Fanavegen lengst nord på Stend gnr/bnr 97/1 er det føreslått endringar i arealstatus. Areal som i KPA 2010 har status som bebyggelse og anlegg og grønnstruktur er i KPA 2016 føreslått med ny status næringsbebyggelse. Dette er ei endring som er i samsvar med bruken av arealet i dag. Arealstatusen næringsbebyggelse er også føreslått for eit LNF-område som ligg i tilknytning til dette arealet. Fylkesrådmannen rår i frå at dette arealet også vert innlemma som del av næringsområde, då det har høg verdi som buffer mellom næringsparken og landbruksarealet. Fjellknausen har ei viktig rolle for å ramme inn landskapsrommet og kulturlandskapet kring Stend hovudgård.

Bestemmelsesområde #1 Fjellbirkeland og #2 Gimmeland:

Områder tillatt med massedeponering, der større tiltak krever reguleringsplan

I saker som er unntatt dette plankravet må søknad om tiltak sendes Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren for vurdering då områda kan ha potensial for funn av ukjente automatisk freda kulturminne. Vi ber om at dette vert lagt inn som retningslinje.

Marine kulturminne

Bergens Sjøfartsmuseum har vurdert sjøareala i planen i høve marine kulturminne. Marine kulturminne gjeld sjø- og strandområda, samt vatn og vassdrag. Museet stillar seg positive føresegna i §§ 12.5 og 12.6, og meiner desse vil styrkje kulturminnevernet i kommunen. Dei er og positiv til at kommunen ynskjer å prioritere natur- og kulturverdiar i den funksjonelle strandsona, samtidig som dei prioriterer fortetting i byen og rundt bydelssentra og lokalsetre. Museet meiner at dette vil vere med på å fjerne noko av utbyggingspresset i områder med naturverdiar og kulturlandskap.

3.12 Klimatilpassing

Det er og viktig og bra at kommunen er tydelege i ønsket om at myr og våtmark skal besvaras, men føresegna (§ 18-5.) kunne med fordel vore meir bindande i formuleringa. Formuleringar om «i størst mogleg grad»-ivaretaking, vert ofte tilsidesett for andre omsyn. Om ein ønskjer å unngå tap av myr og våtmark, både som karbonlager og som ein viktig ingrediens i overvasshandteringa, må ein vere svært medviten om dette i oppfølginga av KPA. Ein kunne til dømes knytt behovet for ivaretaking av myr og våtmarksområde til føresegn §19-4. om overvasshandtering i reguleringsplanar og utbyggingsområde.

Vi kan venta stadig større utfordringar med å handtere været på Vestlandet. Å være tilpassa eit værmønster med mye nedbør, både intense regnskyl og mye nedbør over tid, vert svært viktig, både for å sikre liv og helse, og for å redusere store økonomiske kostnader. Ein bør difor gjennom føresegn sei at der ein finn at det ikkje er tilfredsstillande trygt å bygge, bør utbygging ikkje finne stad. Risikoreduserande tiltak er naturlegvis positivt, men mange sikringstiltak føreset krevjande framtidig tilsyn og vedlikehald. Dette kan verte kostbart over tid, ein kostnad som vert overført til kommunen eller framtidige bebuarar/eigarar.

Det er bra at kommunen med grunnlag i ROS-vurderingar og rettleiar frå NVE har innarbeida omsynssoner i arealplankartet. Eksisterande vernskog, har stor verdi som skred/rasførebyggjar og flomdempar. Føresegn for skjøtsel av skog (blandingsskog, tynningstiltak, forbud mot flatehogst, m.m.) i områder der skogen bidreg med eit særleg vern av infrastruktur og menneskjer bør vurderast. Modelleringar syner skilnad på ein godt skjøtta vernskog versus flatehogst, kan gje ein variasjon i flaumtopp på 40 %. Vi rår til at det vert gjort ytterlegare kartlegging av vernskog som ressurs, og premiss for arealplanlegging.

Fylkeskommunen har sett med strategiar og retningslinjer for klimatilpassing i arealplanlegging i eksisterande Klimaplan for Hordaland. Dette vil også vere fokustema ved rullering av Regional klimaplan.

3.13 Klima og energi

KPA for Bergen har føresegn for både klima- og energiplanlegging. Det er positivt at kommunen stiller krav om klimagassrekneskap. I et bærekraftperspektiv er det viktig at eksisterende bygninger tas vare på, oppgraderast og brukas. Eksisterande byer og tettsteder representerer store verdier, og mellom 70 og 80 % av eksisterande bygningsmasse vil fortsatt være i bruk i 2050. Heilskaplege livssyklusanalyser viser at rivning og nybygging ofte gir større klimagassutslipp enn bevaring og gjenbruk.

3.14 Mineralressursar

Samfunnsnyttig disponering av massar har både lokalt og regionalt perspektiv med «Bergensregionen» som eit stort utbyggingsområde. For ei god ressursforvaltning er det viktig For overskotsmassar som kan vere eigna som byggjeråstoff, vil det er det viktig å finne lokalitetar som er store nok for sortering/ bearbeiding og mellomagring av massane, gjerne samlokalisert med uttak av byggjeråstoff (pukk), slik som t.d. føreslått ved Arna steinknuseverk og Arna jordsortering. Det er ein stor fordel verksemda ligg ved kai, som Arna steinknuseverk. Frå slike lokalitetar kan det då leverast byggjeråstoff av ulike typar og kvalitetar, der transport med båt/lekter gjerne vil vere det mest miljøvenlege og forsvare transport over lengre avstandar.

Samfunnsnyttig disponering av massar må i tillegg til miljøperspektiv sjåast i samanheng med plan- og bygningslova § 11-7, der det følgjer at arealdelen i nødvendig utstrekning skal vise område til råstoffutvinning. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (kgl. res. 2015), vert det forventa at behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng. rapporten «Ressursregnskap for grus og pukk i Hordaland 2013» (viste ein ubalanse mellom import og mogleg tilgang på råstoff internt i kommunen. Samstundes viste ressursrekneskapet at største del av forbruket blei importert. I Bergensregionen kan behovet for uttak av byggjeråstoffa pukk og grus truleg reduserast vesentleg i åra framover ved å bruke overskotsmassar frå store byggjeprojekt/infrastrukturprosjekt. Det er allereie kjent at utbygginga av E16/Vossebanen Arna-Stanghelle vil generere ca 11 millionar kubikkmeter «anbrakte» overskotsmassar frå tunnelbygging m.m. Vi vurderer at storparten av desse massane kan vere eigna som byggjeråstoff av ulike kvalitetar. Bergen og «Bergensregionen» vil vere sentralt for ei optimal samfunnsnyttig disponering av slike overskotsmassar.

3.15 Vilt og innlandsfisk

Hordaland fylkeskommune har hovudansvar på regionalt nivå for forvaltninga av dei haustbare, ikkje truga viltartane, med visse unntak. Det er positivt at kommunen i år har fått ferdig ein revisjon av viltkartlegginga og viltkartet i kommunen. Målet med revisjonen var å gje kommunen ein oppdatert oversikt over viktige viltområde til bruk i arealplanlegginga, samt å få oppdatert kunnskap om artane i kommunen. I viltrapporten er det lista opp kva som er vurdert å vere dei viktigaste kartleggingstema, og der inngår blant anna viktige leveområde og trekkveggar for hjort.

I tillegg til å sikre ein del større, samanhengande skogsområde, er det viktig å sørgje for at dyra mest mogleg uhindra kan bevege seg mellom leveområda. Dette er ei stor utfordring i ein tettfolka presskommune som Bergen. Temakartet «grøntfaglige interesser» til kommuneplanen sin arealdel gir nyttig oversikt for planleggingsformål, og viser blant anna viktige viltområde, «økologiske korridorar» og hjortetrekk, der sistnemnde vil bli oppdatert etter den siste viltkartlegginga. Kartet «grøntfaglige interesser» viser hjortetrekk mellom viktige leveområde, spesielt trekket mellom Fana-området og områda nord for Grimstadfjorden.

Ut frå den store byggjeaktiviteten som har føregått i områda austover frå Flesland, er det vanskeleg ut frå kart å sjå korleis/kvar i tilfelle hjorten kan greie å oppretthalde dette viktige regionale trekket/viltkorridoren i området frå Fana og nordover til områda nord for Grimstadfjorden. Det vert difor føreslått å utarbeide ein temarapport og meir detaljert temakart for å vise korleis ein tenkjer at hjorten framover kan greie å oppretthalde dette trekket, og evt andre trekk. Det er utarbeidd liknande rapportar/temakart andre stader i landet, og på landsbasis er det gjort ein god del erfaringar og vurderingar rundt temaet, der viktige strukturelle parametarar blant anna er lengde, breidde, kontinuitet og knutepunkt langs viltkorridoren.

4 Fylkesrådmannen sin oppsummering

Kommuneplanens arealdel for Bergen 2018 – 2030 (KPA) er ein omfattande plan som tek på alvor dei store utfordringane knytt til klima og miljø, men også folkehelse og endringar i befolkningsstruktur. Planen følgjer opp måla i kommuneplanens samfunnsdel «Bergen 2030» på ein tydeleg og god måte. Planforslaget er samansett og komplekst, men er presentert på ein lett tilgjengeleg måte.

KPA for Bergen legg opp til eit skifte i arealpolitikken som vil bidra til å nå mål om reduserte klimagassutslepp og nullvekst i personbiltransporten og følgjer opp Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Planen har definert senterstruktur og etablert soner med ulike krav til fortetting ved senter og kollektivknutepunkt. Større områder for framtidig bustadbygging i KPA 2010, er vurdert på nytt og gjort om til landbruk-, natur- og friluftsområder fordi dei er vurdert til å gi auka transportbehov og gjere innbyggjarane bilavhengige.

Omegnskommunane til Bergen har hatt relativt større befolkningsutvikling enn Bergen dei siste åra og er dominert av meir spreitt arealutvikling og svakare arbeidsplassdekning, og dette skaper stor grad av innpendling til Bergen. Desse transportutfordringane kan ikkje løysast av Bergen kommune åleine og det er difor naudsynt å sjå utviklinga på tvers av kommunegrenser. Regional areal- og transportplan for Bergensområdet gir tydelege føringar for arealbruk i nabokommunane til Bergen. Ved å sjå på regionen på tvers av kommunegrenser kan vi søkje å demme opp for denne ubalansen og lukkast betre for å nå klimamål.

Det er positivt at KPA for Bergen bidreg til ein meir kollektivbasert byutvikling og legg betre til rette for sykkel og gange. Eit velfungerande kollektivtransporttilbod, er eit av dei viktigaste kriterium for å lukkast med å skape ein tett og attraktiv by utan vekst i privatbiltrafikk. Analysar viser at sjølv om Bybanen vil ha den største passasjerveksten, vil buss framleis vekse og stå for den største delen passasjerar også i framtida. Dette inneber at ein treng meir areal for bussinfrastruktur, som haldeplassar, vendemoglegheiter, kollektivfelt, kollektivprioritering i kryss og gode bytepunkt i kollektivtransportnettet. Det er også behov for eit skikkelig løft og tilrettelegging av sykkelinfrastruktur. For å unngå at dei miljøvenlege transportformane kjem i konkurranse om avgrensa areal er det viktig at transportkorridorar vert vurdert i overordna planar og at det vert sikra areal til både sykkel, gange og kollektivtransport. Fylkesrådmannen peiker på behov for at areal til infrastruktur for kollektivtransport og sykkel vert vurdert tidleg i alle planprosessar og rår til at det i det vidare planarbeidet vert gjort ytterlegare vurdering av avgrensing av fortettingssonene for å dra nytte av kapasiteten i kollektivtilbodet.

KPA er viktig for at det langsiktige regionale målet om at Hordaland skal vere bærekraftig, attraktivt og nyskapande. KPA vil leggje viktige føringar for handelslokalisering og –dimensjonering, og det er avgjerande at planen er i tråd med Regional plan for attraktive senter og den regionale føresegna for handel. Intensjonane om å lokalisere hovuddelen av ny detaljhandel i Bergen innanfor sentrumsutstrekninga er samanfallande med regional plan. Det er likevel nokre moment knytt til unntaksreglane som må bli endra og fylkesrådmannen rår til motsegn til dette punktet. Det er knytt til unntak for detaljhandel med definerte vareutval. KPA nyttar ein breiare definisjon av dette vareutvalet og må bli endra i samsvar med den regionale planen. KPA legg også opp til å kunne etablere detaljhandel med større vareslag i randsona til sentrum, men har ingen føringar for volum og bruksareal. Føresegnene i KPA må avgrense unntaket til å gjelde detaljhandel med opptil 3000m² bruksareal.

KPA gir grunnlag for ein tettare by med ambisiøse mål om gode buområder og urbane kvalitetar. Planen viser heilhetleg satsing på kvalitet i byutvikling. Mellom anna vert det lagt opp til at det skal utarbeidast områderegulering i senterområde og særleg innsats i utvalde byutviklingsområde som Slettebakken og Indre Laksevåg og Dokken. I tillegg vert det utarbeida ei rekkje meir overordna strategiar knytt til byutvikling som til dømes strategi for fortetting med kvalitet, strategi for byrom, strategi for sjøfronten og strategi for byreparasjon og replanlegging av bydelssentra. Eit anna viktig verktøy er at føresegnene stiller krav til stadanalyse for å sikre samanhengande byromsstruktur og kvalitet for nye tiltak i sentrumskjeerne og byfortettingssonene. Til rulleringa av KPA har Bergen kommune også utarbeida eit temakart for samanhengande blågrøne strukturar.

Samla vil desse arbeida gi gode grunnlag for vidare planprosessar, men fylkesrådmannen vil understreke at det er svært viktig at analyser og strategiar vert implementert i planar som er politisk og administrativt forankra etter plan og bygningslova. Ikkje minst vil dette ha verknad for å sikre gode bu- og oppvekstområde for barn, der mellom anna sikring av leikeareal og grønstruktur vil vere vesentleg. Planverket sikrar medverknad og innsyn og legg grunnlag for føreseielege plan og byggeprosessar i neste omgang. Fylkesrådmannen meiner at KPA må skjerpast på dette punktet.

Det er både eit nasjonalt og regionalt mål om eit universelt utforma samfunn innan 2025. Bergen har difor eit særskilt ansvar for å vere forkant på dette feltet. Fylkesrådmannen etterlyser satsing på universell utforming i KPA. Kommunen har eit større handlingsrom i KPA enn dei har gjort seg nytte av når det gjeld å legge til rette for universell utforming. Mellom anna er det vesentleg at kommunen utarbeider ei eiga norm for universell utforming, og at føresegnene i KPA detaljerast ytterlegare for dette tema fram til ei slik norm føreligg.

Bergen kommune har lagt ned mykje arbeid i utarbeidinga av den nye arealdelen i samband med kartlegging og vurdering av kulturminne og kulturmiljø. Mellom anna er fleire viktige kulturmiljø lagt i omsynssone for bevaring. Fylkesrådmannen vurderer at Bergen kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningslinjer som langt på veg sikrar langsiktig vern og bruk av kulturminne og kulturmiljø. Det er framleis uavklarte konflikter mellom kulturminne og byfortetting. Riksantikvaren har og merknader knytt til mellomalderby og –kyrkjestader, som må løysast før planen vert vidareført. Fylkesrådmannen fremjar forslag om motsegn til desse delane av planforslaget.

KPA for Bergen har føresegn for både klima- og energiplanlegging. Det er positivt at kommunen stiller krav om klimagassrekneskap. Myr og våtmark er viktige både som karbonlager og i høve til overvasshandteringa og det er bra at kommunen er tydelege at desse skal bevaras, men kan vere enno tydelegare i ordlyd i føresegna. Vern og forvaltning av hjort er utfordrande i tettbygde strom. Temakartet «grøntfaglige interesser» til kommuneplanen sin arealdel gir nyttig oversikt for planleggingsformål. Der er positivt at kommunen har masseforvaltning som plantema. Bergen kommune bør jobbe systematisk med dette plantemaet framover for å få ei meir optimal ressursforvaltning med god miljøprofil. Masseforvaltning i Bergen må også sjåast i regionalt perspektiv.

KPA for Bergen er det viktigaste planverktøy for vidare utvikling av fylkessenteret i Hordaland, og har stor interesse for fylkeskommunen og våre ansvarsområder. Fylkesrådmannen roser Bergen kommune for å ha utarbeida ei visjonær og framtidsretta kommuneplan. I det vidare arbeidet med KPA vil det vere viktig at det vert lagt til fleire og betre virkemiddel for å gjennomføre dei gode visjonane som ligg til grunn for planen. Hordaland fylkeskommune vil gjerne bidra i samarbeid for å nå felles mål.